

MOTMÆLE

GJEVE UT AV NORSK MÅLUNGDOM • FRAMHALD AV EG • 5/6 - 2000 • NR. 23/24 • 16. ÅRGANG • 50 KR



21.000 elevar i streik

KVAR KJEM JOLA FRÅ? • SIDEMÅLSKONFERANSEN • ULPH • NORSK FILM

Vemodig

Det er med vemod eg skriv denne siste bladstyreteigen min. Frå no av skal den nye sivilarbeidaren, Halvard Dahle Læg Reid ta over. Å vera bladstyrar for Motmæle har vore mykje arbeid, men det har vore artig. Eg vil nytta dette høvet til å takka alle dykk som har sendt inn stoff til bladet og som har kome med innspel til oss i bladstyret. Utan dykk hadde det ikkje vore råd å laga bladet.

Korleis ein vil medlemsbladet til Norsk Målungdom skal vera, heng saman med korleis ein vil organisasjonen skal vera. I tida mi som bladstyrar har me i bladstyret freista få fram at det er fleire måtar ein kan vera nynorskbrukar og målungdom på. Det er viktig å få fram at det ikkje er eit fasisvar på dette. Ikkje alle målungdomar les "Ordbog over det norske Folkesprog" på senga, men dei som har glede av det skal sjølvsgt få lov til det. Motmæle skal vera ein stad ein kan utveksla røynslar og politikk. Dette er medlemsbladet vårt. Difor skal bladet sjølvsgt gje informasjon om kva som skjer i organisasjonen, anten det er på lokalt eller sentralt plan. Her skal ein få lesa om nye lag som vert skipa, kva for ordskifte som går føre seg i organisasjonen, kva som hender på sumarleiren osv.

Noko av det fyrste Ivar Aasen i si tid gjorde for å nå ut med nynorsken var å nytta han sjølv. Ikkje berre skreiv han dikt, men han skreiv i alle moglege sjangrar. Dette gjorde han for å syna at det norske målet kan nyttast på alle område i samfunnet. Noko av det same har vore målet mitt med Motmæle. Det er viktig å syna at nynorsken kan nyttast både til å skriva om hydrologi og om hip-hop. For det er gjennom bruk av nynorsken at me kan syna at fordomar som at nynorsken ikkje høver som fagspråk eller liknande, berre er fordomar.

Og når me er inne på nynorsk fagspråk: Er det nokon som opplevde å ikkje få eksamen på nynorsk? I so fall, krev retten din og klag. Me nynorskbrukarar får diverre ikkje alltid dei rettane me har krav på, då må me seia i frå at dette tolererer me ikkje! Det er slik me vinn fram. 28. september sa 21.000 elevar i frå om at no er det på tide å få programvare på nynorsk, eg trur slikt tel.

Til slutt vil eg berre ynskja Halvard lukke til med arbeidet som ny bladstyrar.

INGVILD AURSØY MÅSEIDE
AVTROPANDE BLADSTYRAR

5/6-2000

MELDINGAR FRÅ MÅLSTRIDEN	4
Smånytt	4
AFSRIS	5
Målstrid 2000	6
Vervekampanjen	8
Sidemålsnettverk	9
SmiO-jubileum	10

Til Motmæle

Nynorsk programvare	12
Ulph	14
Bob Hund	15
Om korleis jola vart til	16
Om korleis lærebøker lyg	18
Lagshandboka	21
Internasjonalt utval	22
Film -del 2	23
Målungdom til Zwaziland	26
Målteigen	27
Gamalt og godt	29

MOTMÆLE

Gjeve ut av Norsk Målungdom, Øvre Slottsgate 5, 0157 OSLO Tlf: 22 42 63 00
Faks: 22 42 63 01 Mobiltelefon: 92 84 83 60 E-post: bladstyret@studorg.uio.no
Postgirokonto Motmæle: 0823 0943010 Medlemspengkonto NMU: 0824 0519500

Bladstyrar: Ingvild Aursøy Måseide / Halvard Dahle Læg Reid **Bladstyre:** Magnus Bernhardsen, Gudrun Kløve Juuhl, Håvard Tangen, Arild Torvund Olsen, Beathe Sundé, Eva Marie Mathisen, Halvard Dahle Læg Reid, Astrid Dypvik og Gunhild Nyborg.

Bladbunad: Arild Torvund Olsen / Halvard Dahle Læg Reid **Prenteverk:** Melsom Grafisk

Lysingar: Ring for avtale.

Tinging: Eitt år: 90 kr for privatpersonar, 140 kr for andre. Tinginga går frå nummer til nummer.

Framsidedilete: Inger Helen Sekse **Baksidedilete:** Arild Torvund Olsen

Teikneseriane er prenta med stønad frå Norsk Kulturfond.

Me tek gjerne imot innsende artiklar. Kontakt oss om du ynskjer å skriva for oss.

Artikkelforfattarane er sjølv andsvarlege for innhaldet i artiklane sine. Artikkelforfattarane er frie til å nytta den nynorskrettskrivinga dei sjølv ynskjer.

Fri til å velja dialekt

Då Noregs Mållag hadde landsmøte i Bergen i sumar, hadde Bergens Tidende eit oppslag om nokre sotrajenter som ikkje ville tala strilemål, og som heller ikkje tykte det var noko særleg å bu ute på bygda. So ofte dei kunne tok dei bussen inn til Bergen for å henga der, og tala altså ikkje strilemål, men ein slags bergensdialekt. Når me i NMU er ute og reiser på skulevitjingar for å tala om nynorsk og dialektar, merkar me at denne haldninga til dialekt slett ikkje er unik for ungdom på Sotra, men at ein finn det att over heile landet. Ein skal ikkje tala reint bokmål, men det er likevel bokmål og bydialektar som legg føringar for kva som er vanleg og moderne tale. Det er òg verdt å merka seg at mange ungdommar er medvitne om at dei endrar på måten dei snakkar på.

Det er nok mange og samansette grunnar til endringane. Ein openberr grunn er nok at bokmålet dominerer på alle samfunnsområde. Dette gjer at bokmål vert det lettaste, - det alle kan uansett. At folk flyttar meir no enn før, og difor ikkje i so stor grad har ein dialekt som er "si", kan òg vera med på å forklåra. Me må ogso sjå på den symbolske makta i bokmålet for å finna forklåringar, for kvar er det me finn lite dialekt? Dei fleste viktige politikarar talar bokmålsaustlandsk, og når ungdomsheltane i "Friends" sine samtalar vert omsette, talar dei bokmål. Mange les ungdomsblad om fotballstjerner eller motor, i slike blad finn ein stort sett berre bokmål. Sjølv om dette kan vera noko av forklåringa, trur eg me må sjå vidare, og me må kunna leggja ein strategi for å møte dette.

Sjølv om bokmålet dominerer massivt på alle område, og framleis har status som litt "finare", må me hugsa på at det finst mange døme på at ein kan lukkast med nynorsk. Are Kalvø, Folk og Røvere, Aftenlandet, og Tore André Flo er berre nokre døme. Me må òg hugsa at ungdommen i dag står friare til å velja og skapa sitt eige liv enn nokon generasjon tidlegare. Både når det gjeld yrke, livsstil, bustad og språk. Ungdommen kan finna gode føredøme på dialektbruk og nynorskbruk på mest alle område. Sjølv om Unge Høgre i Oslo ser ut til å lengta attende til det gode gamle 50-talet då alle ville snakka "dannel" riksmål, og det var greitt å kalla nynorsk rauting, trur eg dei står ganske åleine om å ynskja seg dit.

Eg vil tru at presset mot dialektane har minka, det er "lov" å bruka dialektar i alle samanhengar. Mellom ungdommen står tanken om å vera individualist, å gå sine egne vegar i val av stil og måte på framstilla seg på. Likevel blømer ikkje dialektane mellom ungdommen. Mange hevdar at ungdommen no står fritt til å velja identitet, ja dei vel nærast frå øvste hylle. Spørsmålet vert då, kvifor vel eit so overveldande fleirtal Britney Spears, Coca cola, og bokmålstalemål?

I alle fall ikkje fordi det er det einaste moglege. Kan dette vera svaret på draumane til ungdommen? Det er klårt at Britney og bokmål er det lettaste valet, ettersom dei har mest pengar og mest presse i ryggen. Bokmål og kommersialisert ungdomskultur vinn fram framfor oss.

Målrørsla må kunna by på alternative til dette. Sjølv sagt er det ikkje lett å få plass for å fremja alternative ideal, eller andre ting å knyta seg til, men det strengt. Eit viktig drag i ungdomskulturen er at er at ungdommen har mist trua på at ein kan vinna noko gjennom å organisera seg saman med andre. Organiseringsprosenten mellom ungdom er synkande, og fleire peikar på at det er vanskelegare å få ungdom til å oppfatta seg sjølve som delar av noko større. Dermed vert ikkje vala kulturelle eller politiske val, men personlege val. Når vala ikkje kan setjast inn i ein annan samanheng enn at ein vel det ein har lyst til, vert viktige ordskifte meir til spørsmål om personleg moral. På eit slikt plan er det vanskeleg å ordskiftast, og dermed vert det vanskeleg å nå fram med anna enn meir av det som finst frå før.

No skal eg ikkje seia so mykje om korleis me kan få folk til å slutta å høyra på Britney Spears, men heller om språkval. Målrørsla må kunna syna at språkvalet er eit kollektivt og kulturelt val og at alle må ta stilling. Me må kunne syna at valet står mellom bokmålisering og einsretting, eller dialektar og nynorsk. På den eine sida står bokmålet, godt hjelpt av den kommersialiserte ungdomskulturen og av den gamle eimen av "fin og høgverdig". På den andre sida kan me vidareføra tradisjonen for at vanlege folk kan vera krye av måten dei talar på, og tanken om at norsk mål høver best for nordmenn i Noreg. Valet er enkelt. Me må få folk til å sjå at vala finst og klårgjera alternativa.

Smånytt

frå Nynoreg

JÆREN MÅLUNGDOM ER SKIPA

Jæren Målungdom vart skipa 8. november. Førebels styre er Ragnar Fjeld, Anne Karen Guro Hadland og Marie Tjosevik. Planen frametter er å verta fleire gjennom å få til nynorsk temadag på ungdomsskulen og ei tilskiping.

PRIS TIL TROHAUG

Ragnfrid Trohaug (biletet) har fått Blixprisen. Minneprisen etter Elias og Emma Blix vert kvart år gjeven til ein nordnorsk forfattar som skriv nynorsk eller nordnorsk dialekt. Prisen vert delt ut av litteraturselskapet Det Norske Samlaget, og statuttane seier at det skal leggjast vekt på å heidra

yngre forfattarar og forfattarar som skriv for ungdom.

NYTT NYNORSKPROGRAM

eZsystems har gjort suksess med «open kjeldekode»-programvara si. Dei har mellom anna produsert eit nyhendepubliseringssystem og eit e-handelsprogram på nynorsk.

STOR INNSATS FOR NYNORSKEN

Gaute Hvoslef Kvalnes har omsett programvarepakka KDE til nynorsk. For innsatsen fekk han både omtale i Linuxguiden og målblome frå Noregs Mållag. Kvalnes var deltakar i paneldebatten om nynorsk programvare på sidemålskonferansen Målstrid 2000.

NIDAROS MU ER SKIPA

Nidaros MU er no skipa opp. Leiaren i Norsk Målungdom, Astrid Dypvik, var med på oppstartmøtet. Motmæle ynskjer det nye laget lukke til.

20 SKIPA OPP FIRDA MU

Då Snorre Sandemose tok initiativet til å skipa opp målungdomslag på Firda gymnas, vart det sving på sakene. 20 stk. møtte opp på det vellukka skipingsmøtet. Ein god start!



NY SIVILARBEIDAR

Sidan sist har Norsk Målungdom fått ny sivilarbeidar. Arild Torvund Olsen er ferdig med tenesta si, no tek Halvard Dahle Lægred over. Halvard er ein glad gut frå Årdalstangen. Han er tidlegare leiar i Studentmållaget i Oslo og har sidan mars vore sentralstyremedlem. Ei av oppgåvene til Halvard vert å setja Motmæle, og han har alt vore med på å setja store delar av dette nummeret.



FÅ LÆRARAR MOT NYNORSK

Ei undersøking mellom lærarane syner at berre 11 prosent av lærarane meiner ein treng å redusera undervisninga i nynorsk. 30 prosent meiner livssyn og kristendom kan reduserast. Motmæle tykkjer det er noko bra med lærarstanden vår.

BRAGEPRIS TIL BELSVIK

Nynorskforfattaren Rune Belsvik har motteke Brageprisen i kategorien skjønnlitteratur for born og unge. Prisen fekk han for boka «Ein naken gutt,» som i følgje jurien skildrar Belsvik ein ung gutt sitt kjensleliv på ein svært truverdig måte.

FOR MYKJE NYNORSK I VOLDA

Mållova krev at statsinstitusjonar skal nytta minst 25 prosent av kvar målform, men berre 19 prosent av høgskulen i Volda sine dokument var på bok-

mål i 1999. Språkrådet refsar Høgskulen i Volda for dette.

NORSKKURS I SMIB

Studentmållaget i Bergen (SmiB) har hatt norskkurs denne hausten. På kurset kom både nordmenn og utlendingar som ville læra nynorsk.




GRATIS OPERA

Nettlesaren Opera var eitt av dei fyrste dataprogramma som kom på nynorsk. No kjem ei gratisutgåve av den populære nettlesaren.

IVAR AASEN I ØVRE SLOTTSGATE 5

Her om dagen kom me på kontoret over ein artig detalj. Me skumma tilfeldig gjennom Jostein Krokvik si bok *Ivar Aasen - diktar, granskar, sosial frigjerar og nasjonal målreisar* og oppdaga ei tilskrift som verka kjend: Øvre Slottsgate 5. Krokvik skriv: "No flytte han inn hjå skomakar Petersen i garvar Olsens gard i Øvre Slottsgate 5; dii flytte han den 1. mars 1848. Her vart Aasen buande i meir enn 3 år." Kvar er det skrivarstova i Norsk Målungdom held til i dag? Jo, i Øvre Slottsgate 5. Artig, ikkje sant?



21000 elevar i streik mot Giske



Bilete: Inger Helen Sekse

28. september vart den store aksjonsdagen. 21 000 elevar kravde at Giske ogso må gje nynorsken ein plass i framtidsskulen.

Me har alle høyrd politikarane sine klisjear om kunnskapsamfunnet og e-norge. Utdanningsministeren er ikkje dårlegare enn resten av politikarkolleagaane sine i denne samanhengen. I talane sine legg han òg stor vekt på alle dei nye moglegheitene me har fått og på alle endringane som skjer raskare og raskare på grunn av datamaskinane. I avisa Computerworld fortalde han om framtidsskulen "Fremtidens skole kommer til å se ganske annerledes ut, enn den gjør i dag. Både teknologisk og pedagogisk. Data kommer til å stå svært sentralt, ikke bare som verktøy, men som et middel til opplæring" (Computerworld 15.06). Me andre som ikkje er politikarar, ser òg at datamaskinane får større og større plass i kvardagen, i skulen, på arbeid og i heimen. Difor vert det ogso mykje viktigare kva språk som er på maskinene.

LIK RETT TIL UTDANNING

Giske ville satsa på data i skulen. Det han gløymde, og det ministeren før han ogso gløymde, var å tenkja på at både nynorskelevar

og bokmålelevar skal ha like rettar. Trass i at Stortinget fleire gongar har vedteke at språkjamstillinga ogso må gjelda for datamaskinane, hugsa Lilletun og Giske berre på å sikra program til bokmålelevane. Det er uakseptabelt. Difor skipa NMU og Elevorganisasjonen opp att Aksjon for Språkleg Rettfærd i Skulen. Krava for aksjonen var framleis lik rett til utdanning, og at all programvare som skal nyttast mykje i skulen, må koma både på nynorsk og bokmål.

GRISKE GISKE, GJE OSS DATA!

På skular over heile landet, frå Kirkenes i nord til Mandal i sør streika elevar. Nokre skipa til konsertar eller laga underhaldning, nokre gjekk i demonstrasjonstog, og elevane i Årdal sperra hovudvegen. Det var lett å sjå at kravet om lik rett til utdanning engasjerte elevane. Slagorda for dagen handla om lik rett til utdanning, at data på nynorsk slett ikkje er dyrt, og at me ikkje vil la nynorsken verta gløymd vekk.

MARKERING PÅ VOSS...

Elevar kom med buss og tog frå Bergen, Arna, Sotra, Øystese og Hjeltnes for å vera med på de-

Voss framtida for norsk språk ville verta avgjort. På den 28. september sa skuleungdommen på Voss klart frå om korleis dei vil at framtida for norsk språk skal verta. På aksjonen var det musikk, appellar frå elevorganisasjonen, målungdommen og frå elevråda og regn i store mengder.

...OG I TRIVELEGE TRØNDELAG

I trønderhovudstaden Nidaros var aksjonistane heldigare med vëret. Meir enn 2000 elevar var i streik, og i hovudgata Nordre var det ei stormarkering. Rappebandet AlienBreed var hovudattraksjonen på markeringa

KAMPEN HELD FRAM!

Dataprogramma er ikkje her enno, men Giske ser ut til å vera på glid. No har det nye Lærings-senteret fått andsvaret for arbeidet med data på nynorsk, og dei hevdar at dei er komne godt i gang. Aksjonane våre har synt slagkraft, og me veit at me kan mobilisera stort att om me må. Me har fått sett i gang arbeidet, men me må hugsa at sjølv om me har Stortinget med oss i denne saka, har Giske sjølv ikkje gjeve nokon konkrete lovnader. Frametter må me fylgja saka nøye og ikkje gje opp før føresegnene er endra og programma finst ute i skulane!

ASTRID S. DYPVIK



Bilete: Inger Helen Sekse

Målstrid 2000

Bileta er tekne av Hege Tangen

3.-5. november var 70 ungdomar samla på Manglerud skole i Oslo på sidemålskonferansen til Norsk Målungdom.

Der var det ordskifte om målsøk, sidemål og skulen. Ei av innleiingane frå konferansen kan du lesa på side 18 i dette bladet.

I tillegg til ordskifta kunne deltakarane vera med på konsert med rapparane Alien Breed og ulike kurs og verkstader som f.d.:


- Handverkskurs
- Teaterkurs
- Skrivekurs
- Kvedarkurs
- Rappekurs





SOFIE E. TROSDAHL-ØRAUG
FRÅ UNGE HØGRE MØTTE
LANDSSTYREREREPRÆSENTANT
ERLEND HOVLAND I
SIDEMÅLSDUELL.

Vervetoppen



Bilete: Erik Bolstad

SIGBJØRN HJELMBREKKE	32
GARD E. HØYVIK	13
SNORRE SANDEMOSE	12
MARIE G. KUVÅS	12
UNN C. FYLLINGSNES	11
HENNING ANDREASSEN	8
TROND M. SÆTERHAUG	4
MARTE C. W. SOLHEIM	4
LAILA FIDJELAND	4
MARIT A. TENNØ	3
HELGA BJØRGE	3
SVERRE JOHNSEN	2
SVANHILD DALE	2

Set medlemspengane for dei du vervar (30,- per medlem) inn på medlemspengekontoen til Norsk Mållagdom (adr. Øvre Slottsgt. 5, 0157 OSLO). Kontonummeret er: 0824 0519500

Kva kan du vinna?

1 VERVING:

Jakkemerke og klistremerke
Livssoga åt Ivar Aasen (hefte).
Ein bunke stogg urbanismen-postkort.
Teikneserien Hups! av Jens K. Styve.

2 VERVINGAR:

Huldregåva - Ut på vegom (CD).
75-års saga åt Noregs Mållag.
T-trøye med Hårek-motiv.
Årstinging på bladet Vestmannen.
Teikneserien Finn Finn Finn av Jens K. Styve.

3 VERVINGAR:

Stogg urbanismen-t-trøye.
Stogg målbytet-t-trøye.

5 VERVINGAR:

UTLA - Dans (CD).
Berit Opheim - Eitt steg (CD).
Håkon Høgemo - Solo (CD).
Karl Seglem - Spir (CD).
Stadnamntydingar II - Bok av Eivind Vågslid.
Norderlenske fyrenamn - Namnebok av E. Vågslid.
Norske skrivarar i millomalderen - Bok av E. Vågslid.
Halvårstinging på Norsk Barneblad.
Halvårstinging på vekevisa Dag og Tid.

10 VERVINGAR:

Heilårstinging på avisa Dag og Tid.
Den nynorske nettlesaren Opera.

HOVUDPREMIE

Reisegåvekort på kroner 2500,-

For 30 kroner vert ein medlem ut år 2001 (gjeld frå og med 1.1.2001).

MEDLEMSFORDELAR

Som medlem av NMU får ein:

- 10% rabatt på Kaffistova i Oslo.
- 15% rabatt på Bondeheimen i Oslo, Hordaheimen i Bergen og Saga Hotell i Tromsø.
- 10% rabatt på Heimen Husflid.
- 20% rabatt på Det Norske Teatret.
- Motmæle seks gonger i året.
- Norsk Tidend fire gonger i året.
- medlemskap i Noregs Mållag.
- tilbod om å vera med på ymse tilskipingar; sumarleir, studentkonferanse osb.

Nytt om Sidemål

Norsk Målungdom held no på å skipa eit nettverk av ungdom som er for sidemål. Alle som er for sidemål, anten dei er med i NMU eller ikkje, kan vera med i. Målet er å samla alle som vil gjera ein innsats for sidemål, anten det er i NMU, i politiske parti, i elevrådet eller andre stader. Motmæle tok oss ein prat med Eva Marie Mathisen, som har laga Nytt om Sidemål, nyhendebrevet som er bindelekkjen i nettverket.

Kvifor eit sidemålsnettverk, Eva Marie? Dei som er for sidemål må stå saman! Nyhendebrevet er ein plass å få nyhende om kva som skjer med sidemål, få gode argument for sidemål, og det er lettare om ein t.d. vil ha ein aksjon, då kan ein ta kontakt med nokon i nettverket og få hjelp.

Fine greier. Kven er sidemålsnettverket for? Alle som er for sidemål, om dei er med i NMU eller ikkje. Kanskje er dei med i eit politisk parti, kanskje er dei med i elevrådet på skulen, kanskje er dei

med i andre organisasjonar. Men det einaste kravet er at ein er for obligatorisk sidemål.

Kva nytte og glede kan ein AUF-medlem eller elevrådsrepresentant ha av å vera med i sidemålsnettverket? Om ein ikkje er so veldig aktiv i målrørsla, er det ikkje alltid greitt å vita alt om sidemål. Det er nyttig å få vita kva som skjer i andre parti og det kan vera greitt å vita om tilskipingar og konferansar om sidemål. Ein kan få argument som kan vera nyttig i ordskifte om sidemål i parti og organisasjonar. Mange av nyhendene om sidemål ligg òg ute på www.nynorsk.no.

Kva står so i denne fyrste utgåva av nyhendebrevet? Der står om sidemålsstoda ulike stader i landet: Oslo, Finnmark, Vestfold. Stoda i ungdomspartia og gode argument for sidemål. Artige sidemålsutspel er òg med. *Alle må lesa denne, seier Eva Marie.*

Dessutan er det viktig å ha eit nettverk som arbeider for sidemål

fram mot valkampen. Dei fleste har vel vore i skuledebattar der AUF og UH freistar sanka røyster ved å gjera narr av sidemål og nynorsk. Det skal dei ikkje koma unna med i denne valkampen! Då må dei verta møtte med argument og motstand i debattane, avslut-

tar Eva Marie med eit sigersikkert smil.

For å verta med i sidemålsnettverket kan du ringja til NMU på tlf. 22 42 63 00 eller senda eit e-brev til nmu@nynorsk.no.

GU DRUN KLØVE JUUHL



Bilete: Hege Tangen

Eva Marie Mathisen er ansvarleg for «Nytt om sidemål».

Verv til jol!

No nærmar me oss jol, me som studerer nærmar oss eksamen, og Den Store Vervekampanjen er alt inne i innspurten!

Det er mange som har verva til no i år, men det er berre fem stykke som har verva fleire enn ti, og berre ein som har verva fleire enn tju! Det er for lite, og det skulle det dessutan vera lett å gjera noko med! Henning og Beathe greier no kjapt ein tre-fire til før dei tek joleferie, og Gard bør ha sjansar til å nærma seg tju. Det er for gale om Sigbjørn skal vinna vervekampanjen med eit slikt forsprang!

Men me nærmar oss altso jol, og kva er det me gjer når det er jol? Me gjev ein annan jolepresangar! Her er Norsk Målungdom sitt tips til deg:

GJE MEDLEMSSKAP I NMU I JOLEGÅVE!

Då treng du aldri meir vera redd for å ikkje finna på ein fin nok pre-

sang! Kjenner du jenta som har alt? Kjenner du guten som ikkje ynskjer seg noko? Har du små- eller store sysken som har godt av å lesa litt nynorsk? Gje dei medlemskap i NMU, so gjer du noko for målsaka samstundes som du gjev ei fin jolegåve. Det som er viktig er at den som får jolegåva skriv under på at han/ho vil verta medlem og at du sender inn namn og adresse på den du har verva + pengar **før nyttår**

Ein av dei beste måtane å gjera noko for nynorsken på, er nemleg å verva folk til Norsk Målungdom.

Har du opplevd å ikkje få eksamensoppgåva di på nynorsk no i haust? Kvar år når det er eksamen på universitet og høgskular er det nokon som ikkje får eksamen sin på nynorsk. Rart, kva? Det er ein sjølvsgd rett å få eksamen på språket sitt. Likevel gidd ikkje oppgaveforfattarane på universitetet bry seg om det. Og kvifor ikkje? Avdi dei ikkje trur det er noko stort problem. Hadde dei

hundrevis av studentane som ikkje får eksamen på språket sitt klaga, ville nok oppgaveforfattarane fått seg ein støkk. Diverre er ikkje nynorskstudentane so tøffe at dei krev at universitetet respekterer rettane deira.

So - korleis kan du hjelpa Ola Student til å verta tøff nok til å krevja å få eksamen på nynorsk? Jo, du vervar han til Norsk Målungdom. Då har han ein heil organisasjon i ryggen med mange andre som òg krev å få ting på nynorsk. Då er det ikkje skummelt eller sært å krevja rettane sine. Og når me er mange som krev rettane våre i lag - ja, då er det ikkje like lett for eksamensoppgaveforfattar å ikkje bry seg lenger.

Det same gjeld på skulen, det er ikkje alle som bryr seg om rettane våre der heller. Kanskje du er ein av dei som nyleg har fått norsk boka di på nynorsk etter ein heil hausts venting?

Dataprogramma som vert brukte i skulen finst nesten ikkje

på nynorsk heller. Det finst lærebøker som ikkje er komne på nynorsk enno.

Ein måte å få vekk lærebøker som berre finst på bokmål, er å fortelja læraren at det er ulovleg å bruka slike lærebøker. Slik er det, men det er ikkje alle som veit om det. Ein annan måte er å vera med og aksjonera for lærebøker og dataprogram på nynorsk.

I Norsk Målungdom er me mange som aksjonerer og som krev bøker og data på nynorsk. Det er me som skipar til dei store aksjonane for rettane til nynorskelevane. Utan oss hadde det truleg ikkje funnest lærebøker på nynorsk!

So om du kjenner nokon andre nynorskelevar eller nynorskstudentar, so veit du no at det beste du kan gjera for dei er å verva dei til Norsk Målungdom.

Lukke til med verveinnspurten!

GU DRUN KLØVE JUUHL

Med SmiO og dei intellektuelle på hundreårsfeiring

Computerworld hadde nyleg (20. oktober) eit portrett av filologen Sylfest Lomheim under overskrifta «e-språk vennleg bokstavmann». Han hevdar der at e-postspråket og tekstmeldingar si blanding av teikn og tekst ikkje truar språkutviklinga vår, og at språkbruket som no kjem til syne, er ein repetisjon av korleis menneska uttrykte seg for 5000 år sidan. På spørsmålet om kva språk ungdommen snakkar om 100 år svarar han at «bokmålet vil forsvinne før talemålet. Bokmål og nynorsk vil forsvinne samtidig, så det er egentlig ingen vits å krangle om dette i dag. Jeg ser ikke på det som noen katastrofe.»

Nokon av oss ser på dette som ein katastrofe. Nokon av oss betalar pengar, reiser milevis på målferd og nyttar meste parten av fritida si til å krangle om nett dette. Studentmållaga har lenge lagt føringar på kva retning skriftspråket vårt skal utvikle seg.

Sylfest Lomheim sat ikkje i noko panel under SMiO-konferansen 27. og 28. oktober, men saftige ordskifte vart det likevel.

Den svenske forfatteren **Jan Myrdal** introduserte «nyliberalismen» til dei om lag 70 fram-møtte. Han peika på at svenske raddisar no har fylt ein del makt-posisjonar i Sverige, og meinte han kunne kjenne att dei svenske samfunnslaga etter tannhygiene (Hææ? Ja, du skulle ha vore der...).

Ole Danbolt Mjøs var naturleg skyteskive under ordskiftet «Mjøsutvalet - kunnskap om kva, kunnskap for kven?». Me var alle einige om at «studenten skulle i sentrum», men korleis me skal plassere oss der, var det ikkje særleg semje om.

Mjøs streka under at framlegget hans endå berre er eit høyringsutkast, og at studentar burde nytte debatten rundt høgare utdanning til å kome i dialog med politiske institusjonar. I ettertid vart det litt uklart om denne mannen var ein koseleg diktlesande festvisjonær (han siterte Hauge og alt mogleg...), eller om han var so sleip og rund

i kantane at ingen nokon gong vil kunne «arrestere» han.

Kritikken var reell nok, den, med **Stine Akre** frå NSU og prorektor ved UiO **Rolv Mikkel Blakar** i panelet. Med ei eventuell innføring av Mjøsutvalet sine retningslinjer vil me få master- og bachelor

SMiO, og tre parallelle seminar: «Demokrati og fleirkulturalitet» (med Ljubisa Rajic frå Beograd blant anna), «Urbanisme eller lokalisme» og «Media - den mektigaste av dei fire statsmaktene».


Sundagen starta med eit mål og makt-ordskifte der **Øyvind**

berre blir kledd i språk og at nasjonane er språkleg konstruerte einingar som vil døyt ut. Dette er alle hovudstadar i land som på ein eller annan måte har vore koloniserte. Østerud avslutta innlegget sitt med å seie at han alltid har vore glad i å kjempe tapte saker. Sukket gjekk over salen: «Han som hadde verka so oppegående.»

Konferansen slutta alt klokka 1500, etter eit ordskifte om intellektuelle si rolle som vektalsprodusentar eller avantgarde. Professor i kriminologi Kjersti Ericsson, vår eiga **Gudrun Kløve Juuhl** og fyrsteamanuensis i Nordisk på UiB **Eivind Tjønneland** gjekk på ingen måte rundt grauten, og fekk både utfordrande spørsmål og friske kommentarar frå salen. På spørsmålet om kven dei intellektuelle er no i år 2000, kunne Eivind Tjønneland, som me lenge trudde hadde sovna, fortelje oss at det var han. Tjønneland meinte elles at ein ikkje kunne finne intellektuelle på universiteta. Han streka under at 400 000 kr er ein hån av ei professorløn. Gudrun Kløve Juuhl meinte at dei intellektuelle burde vere med og gjere verda forståeleg i staden for å fåkeleggje henne, slik ho tykte dei har ein stygg tendens til.

Mellom ordskifta og under festen på Det norske teatret vart det rom for kaffi og dei litt meir lysskye spørsmåla. Samnorsk, kva tenkte me på? Etter at 2 ektepar hausta applaus for bryllaupsdagane sine, kom spørsmålet om i kor stor grad mållaget er ein god sjekkearena. Erling Lægredid kåserte og kunne fortelje om populistiske SMiO-vervekampanjer på det glade 60-talet, der det ordskiftast om til dømes nakne damer og øl. Stilen gjekk det likevel ikkje an å klage på. Chateau Neuf spelmannslag spelte folkemusikk på nytt og spennande vis, og dansen gjekk heftig føre seg.

Motmæle føyer seg med dette til rekkja av gratulantar, og ynskjer lokallaget i Tigerstaden lukke til vidare.



Ole Danbolt Mjøs - mykje form og lite innhald.

gradar, det vil verte vanskelegare å ta pausar frå studia og me vil verte yngre når me entrar yrkeslivet. Universiteta vil bli styrde av ein statleg oppnemnd direktør, som har det siste ordet i kva som er relevant kunnskap og forskning. Professor i kriminologi **Kjersti Ericsson** skisserte farane ved dette med eit døme frå sitt eige institutt: Som kriminolog ynskjer ho å avskaffe det statlege fengselsvesenet, men sidan staten har økonomiske eigeninteresser i ei slik sak vil det for ho verte vanskeleg å få forskingsstøtte til å underbygge teoriane sine. Generelt vil også «populære fag» få meir støtte av staten til si drift enn dannelsesfag som nordisk og latin som trekker færre studentar enn til dømes psykologi.

Laurdags formiddag vart det også servert godbitar frå soga til

Østerud frå makt og demokratiutgreiinga innleidde til ordskifte saman med leiar i Noregs Mållag, **Oddmund Hoel**. Hoel gjekk gjennom måltane målrørsla har tenkt om mål og makt på opp gjennom tida. Han streka under ei gliding frå eit statisk identitets-syn frå 70-talet til eit meir fleksibelt syn på korleis me formar språket og identiteten vår i det mobile samfunnet i dag. Hoel åtvåra mot grøfter på begge kantar av dette spennet. Herr Østerud skisserte den historiske utviklinga til nynorsken og korleis nynorskprosen ten har stabilisert seg på rundt 10%. Han formulerte dessutan ein interessant tese om at det berre er i Oslo, Helsinki og Dublin at det finst så mange vitskapsfolk som sver til postmodernismen og som meiner at sanninga stort sett

BEATHE SUNDE

VEIT IKKJE NÅR

Det skjer
Det er eg sikker på
Men eg veit ikkje når
Eg veit ikkje når
alt som er
usikkert skal forsvinne
og det som er krystalkårt
skal komma mot meg og
seie
Sjølvsagt
Det måtte bli slik

Anita Sæther

EIN DAG I MAI 1962

Farfar sit under eit tre i 1962.
Han spelar munnspel. Fuglane
kvitrar. Ein sommarfugl set seg på
nasen til farfar. Melodien frå
munnspelet døyir sakte ut.

Bård Harald Sandemose

til motmæle

REPORTASJAR / KULTUR / MEININGSBRYTING

Utfordrar hegemoniet til Microsoft

Boikott Microsoft! Selskapet einsrettar språkbruken i skulen, tordna NMU i midten av oktober. I dag nyttar nitti prosent av verdas PDar Microsoft sitt operativsystem Windows. Det er mest uråd å få kjøpt PDar som ikkje på førehand har Windows installert. Korleis kan noko slikt gå an?

OPPSUMMERING:

For dei som ikkje har fylgt med i kvar episode av den lange saga om NMU, Utdanningsdepartementet, nynorsken og datamaskinene, kjem ei kort oppsummering:

I haust streika 21 000 norske skuleelevar for språkleg rettferd i skulen. Elevane kravde at opplæringslova må gje elevane rett til å få all programvare på nynorsk.

Eit sentralt krav var å få dei mest vanlege programma (so kalla administrativ programvare) på nynorsk i løpet av skuleåret. Hovudgrunngevinga frå departementet for at opplæringslova og føresegnene ikkje kunne stilla eit slikt krav, var at slik programvare ikkje fanst på nynorsk, og dermed kunne dei ikkje krevja noko heller. Departementet lova i august 1999 å setja i gang eit arbeid for å sikra administrativ programvare på nynorsk. Eit år etter at unntaket tok til å gjelda, kunne ingen påvisa at departementet har lyfta ein finger for å endra på stoda.

OMSETJAREN

Ein som derimot har lyfta meir enn éin finger, er Gaute Hvoslef Kvalnes. Han er 21 år gamal, målmann og dataingeniørstudent ved høgskulen i Bergen. Gaute har omsett KDE 2.0. til nynorsk. KDE er eit populært brukarmiljø for Linux og andre Unix-baserte operativsystem. KDE inneheld mange små og store program - frå spel og multimedia til systemverktøy, internet og skriveprogram.

- Då eg tok i bruk Linux på datamaskina, prøvde eg fleire ulike brukarmiljø, og eg fann

raskt ut at KDE høvde best for meg. For om lag eit og eit halvt år sidan fanst KDE berre på bokmål, og eg fann ut at eg ville sjå på om det var mogleg å omsetja programma. Det viste seg å vera nokså lett, så eg starta omsetjinga av det som skulle verta neste versjon av KDE. Han vart ferdig i oktober, eitt år etter at eg starta arbeidet, fortel Gaute.

kostnadene er låge.

- Eg vonar denne omsetjinga kan vera med på å brøyta veg for Linux i skulen. For mange er det nok vanskeleg å slutta å bruka Microsoft-produkt. Då er det viktig å visa at det finst fullt brukbare alternativ. Det at KDE finst på nynorsk er sjølvsagt viktig, men det er kanskje like viktig å få fram korleis Linux og KDE kan dekkja dei funksjonane verksemdar og privat-


Kristin Innvær Wåle, informasjonsansvarleg i Microsoft, at selskapet hennar sjølvsagt ikkje kunne ta noko kulturpolitisk ansvar for å sikra framtida til norsk språk. Ho sa òg at nynorskmarknaden uansett var for liten til at det ville vera interessant eller marknadsekonomisk lønsamt for dei å setja om programma.

Når Giske og departementet hans har vorte utfordra på spørsmålet om programvare for nynorskelevane, har dei gjerne svart at staten ikkje kan sponsa Microsoft, men at sjølvsagt er interesserte i å forhandla med programvarebransjen. Gaute har ikkje stor tru på å forhandla med Microsoft.

FRAMTIDA ER NYNORSK

- Forhandling nyttar visst ikkje. Dersom ein skal pressa Microsoft gjennom lovverket, er det viktig å visa at det finst alternativ. Om Microsoft nektar å omsetja sjølv om lova krev nynorskversjonar, har ikkje staten så mykje dei skulle sagt om dei ikkje har alternativ. Difor er det viktig å få fram at Linux og KDE kan brukast i det offentlege, i skular, i verksemdar og i heimen.

Opggåva for målungdommen frametter må vera å overtala skular til å ta i bruk KDE 2.0. som pr. i dag er det einaste programmet av den typen som finst både på nynorsk og bokmål. Om programma kjem i bruk, vil det nok gjera Microsoft meir interesserte i å omsetja. Me bør og framleis halda oppe presset mot departementet. No er det ingen grunn til at jamstillingskravet ikkje skal gjelda for all programvare. Vert føresegnene endra, vil alle skulane måtta gå over til KDE fordi det er det einaste programmet som fyller krava. Om Microsoft tykkjer nynorskfolk er for lite interessante til å laga eigne program for, vil det nok vera vanskelegare for dei å oversjå heile det norske skuleverket. Det er ein langt større og viktigare marknad. Då må Microsoft anten velja seg ut av heile den norske skulen, og gjera det Linuxbaserte KDE programmet einerådande der, eller omsetja. Eg trur at det valet er enkelt.



Billete: Grete Risse

Gaute Hvoslef Kvalnes har omsett KDE til nynorsk

KAN FUNGERE I SKULEN

Fleire meiner det berre er eit tidsspørsmål før Linux vil gjera sitt inntog for fullt i den norske skulen. Datakunnskapen mellom lærarar og elevar vert stadig høgare, og dermed er det færre som er redde for å prøva noko nytt. Linux-programma er dessutan gratis. Mange av datamaskinene i skulen er gamle maskiner frå næringslivet som skulane sjølve må kjøpa lisensar og programvare til. Med Linux kan skulane på sikt spare pengar, og det er noko dei fleste som har noko å seia om skular interesserte i. I tillegg er det altso mogleg å gje nynorskelevar og bokmålselevar eit likt tilbod med Linuxprogram, fordi omsetjings-

personar i dag brukar Windows til.

Gaute meiner nynorskomsjetjinga av KDE er eitt av dei beste døma som finst på fordelane ved fri programvare. - Alt snakket om kjeldekode og programmering kan lett gå over hovudet på vanlege databrukarar, men mange skjønner meir når dei ser at fri programvare kan koma på nynorsk utan at det kostar 30 millionar.

MICROSOFT HAR IKKJE RÅD

Microsoft hevdar det vil kosta 30 millionar å omsetja officepakka til nynorsk. Selskapet, som me alle veit er eitt av verdas rikaste, bed om forståing for at dei ikkje kan ta på seg ei so stor utløge. På sidemålskonferansen til NMU sa

Rapport frå eit Linuxreir

Då KDE 2.0 vart lansert i Noreg i haust oppmoda Målungdommen skular om å ta programmet i bruk. Framlegget vart møtt med mykje skepsis, kan ikkje-kommersiell programvare vera like god som kommersiell? er det mogleg å bruka KDE i skulen? spurde mange. Motmæle har intervjuva ein røynd Linuxbrukar for å få klårleik i saka. Lars Nummedal er dataansvarleg ved institutt for fysikalsk kjemi på NTNU. Instituttet vert gjerne omtala som eit «Linuxreir», fordi meir enn 70% av dei tilsette nyttar Linux.

MISNØYE MED MICROSOFT

«Grunnen til at mange har vald å nytta Linux som operativsystem er at mange er lei av liten stabilitet og andre problem med Windows. I tillegg er programma gratis og vert hyppig haldne ved like. Ein annan viktig grunn til at mange nyttar Linux er at me er provoserte over måten Microsoft gjorde sitt inntog her på NTNU på. Dei gav billege lisensar i eit par år, og

skrudde so opp prisane. Eg veit at dette er vanleg amerikansk marknadsføring, men me likar ikkje det ikkje lell. Avdelinga på Gløshaugen (tidlegare NTH – Noregs Tekniske Høgskule) er på eit vis Noregs teknologiske høgberg. Me kan ikkje la oss diktera av Microsoft og nytta store summer på dei når det slett ikkje er naudsynt.»

Han meiner at sjølv om brukarskelen har vore høgare for å nytta Linux enn for å nytta Windows, finn mange etter kvart ut at dei likevel tener på å setja seg inn i saka. Tusenvis av folk testar og held ved like systemet. Tida ein investerer i starten, får ein att fordi systemet er meir stabilt og gjev meir fornuftige feilmeldingar, seier han. Han meiner òg det er viktig å merka seg at det har vore store endringar innanfor Linuxverda den siste tida. Installasjonssystema har vorte mykje betre, og i tillegg er Gnome 1.2 og KDE 2.0 særskild brukarvenlege system.

FORDEL MED OPEN KJELDEKODE

Nummedal tykkjer Linuxbasert programvare har mange fordelar i høve til anna programvare. Han fortel at programma er ofte lisensierte gjennom noko som heiter GPL (GNU Public License) eller liknande. Det tyder at kven som helst kan henta kjeldekoden

og leggja inn ny funksjonalitet eller reparera feil. Difor tek det t.d. vanlegvis mellom ein time og eit par dagar frå ein kritisk feil er funnen ved operativsystemet eller eit program til det ligg føre ei løysing folk kan henta frå internetet. Hjå Microsoft tek det mellom eit par veker til eit halvt år. Open kjeldekodelisensieringa gjer at tusenvis av folk testar og held ved like systemet. Hjå Microsoft er det berre 500. Då seier det seg sjølv at det heile vert meir stabilt.

STOR TRU PÅ KDE I SKULEN

Målungdommen oppmodar skular om å ta i bruk KDE 2.0 fordi det er det einaste programmet som finst både på nynorsk og bokmål. Trur du det er mogleg å få skulane til å gjera dette?

Eg har stor tru på å få vidaregåande skular til å ta i bruk den nye versjonen av KDE. Sjølv brukar eg konkurrenten til KDE, GNOME, men ut frå eigne røynslar og ut frå folk eg har snakka med, veit eg at KDE er eit godt og stabilt system. Ingen kan hevda at skuleungdom som skal gå på skulen i gjennom mange år, treng å læra Windows "fordi det er det som vert nytta overalt". Då eg lærte data på skulen og på NTH, nytta me DOS og

WordPerfect for DOS. Det liknar ikkje særleg mykje på noko av det som vert nytta i Mac- og Windows-verda i dag. Endringar skjer uansett særskild raskt på dette feltet, sluttar han av.

Her var det i alle fall ikkje mange motforestillingar å spora, og neste gong nokon (t.d. Læringscenteret, Trond Giske eller sinte datalærarar) hevdar at det ikkje kan fungera med andre program enn Microsoft sine, må me i alle fall be dei ta seg ein prat med nokon av dei særskild nøgde brukarane på NTNU fyrst.

RAGNHILD BJØRGE



Kva er fri programvare?

Fri programvare er programvare som fritt kan brukast, kopierast, endrast og distribuerast. Det motsette av fri programvare er proprietær programvare, det vil seia programvare opphavsmannen kan krevja betaling for, hindra innsyn i, og elles ha full kontroll over. Fri programvare er ikkje det same som gratis programvare, men mange proprietære program er gratis.

KVA ER KJELDEKODE?

Kjeldekoden er ei tekst som skildrar korleis eit program skal fungera. Denne teksta vert skri-

ven i spesielle kunstige språk ein kallar programmeringsspråk, nokre døme er Java, Basic, Lisp eller C. For at eit program skal kunna brukast, må kjeldekoden omsetjast (kompilerast) til det språket ei datamaskin skjønar, maskinkode. Kompilerte programfiler vert av og til kalla «binaries» eller binære programfiler.

Medan proprietær programvare vanlegvis har hemmaleg kjeldekode, og vert distribuerte berre i binær form, er kjeldekoden til fri programvare fritt tilgjengeleg. Difor vert fri programvare

øg kalla «open source software» på engelsk (kjeldekode = source (code)).

KVA ER LINUX?

Linux er eit fritt operativsystem (OS) fyrst utvikla av finnen Linus Torvalds. Seinare har mange tusen frivillige i heile verda hjelpt til. Linux er eit alternativ til proprietære OS som Windows (for PCar) og MacOS (for Macintoshar). Linux kan brukast både på PCar, Macar og ei rad andre maskintypar. Linux er ein variant av Unix, eit populært OS sidan syttitalet.

KVA ER KDE OG GNOME?

Linux i seg sjølv har ikkje noko skrivebord som det ein har i Windows og MacOS, men i staden kan ein velja mellom to ulike frie skrivebord, KDE og GNOME. I tillegg til sjølve skrivebordsmiljøet, kjem KDE og GNOME med ei rad kontorprogram som alternativ til dømes Microsoft Office.

ERIK HAUGAN

Eg har ein bokmålsskrivande barndomsven som jobbar på platekompaniet i Oslo. Då eg fortalte han at Ulph skulle spela på Aksjonen for nynorsk programvare på Voss sa han: "Er ikke han litt for urbanprega for det formålet"? Kameraten min skjønnte raskt at han hadde sagt noko dumt og orsaka seg. Utsegna fortel likevel litt om kva image Ulph og "folk og røvere" har skaffa seg. Dette er urban, Bristol-inspirert musikk på norsk. Er det det? Motmæle spurte Ulph sjølv.

Ulph: folk eller røver?

Ulph kjem slenrande mot bordet mitt. Han klagar på vêret. "Det er visst siste ledd i urbaniseringa dette, at vestlandsvêret vert flytt til hovudstaden, lurar eg på. Ulph håpar ikkje det.

"Me har jo fått eit slikt urbanstempel på oss" vedgår han. *Ja er de spesielt urbane?* "Nei, eg er lei av å høyra det. Dei tekstane eg skriv er t.d svært kvardagslege. Dei tankane eg uttrykkjer kan jo gjelda overalt. Eg vil mykje heller at folk skal høyra etter innhaldet i det me lagar, seier Ulph bestemt" *Så du likar ikkje dette at de får eit urbant identitetsstempel knytt til dykk?* Nei, men det er vel slik me menneske er. Me må setja ting i båsar. Dessutan er det vel kanskje slik at me har eit urbant lydbilete på den måten at me ynskjer å vera i forkant, og impulsar ofte når byane fyrst.

GRENSELØYSE?

Ynskjer du i størst mogleg grad å bryta ned slike grenser, du kanskje?

"Ja, på mange måtar ser eg vel på meg sjølv som kosmopolitt. Me er ikkje så forskjellige, me menneske. Me er for det meste like." *Me i Norsk Målungdom tenkjer annleis om dette, innvender eg. Me meiner at det er sterke krefter i samfunnet i dag som eins-*

rettar spesielt ungdomskulturane og at det er bra for folk å vera medvitne om særreigne kulturelle trekk som knyter oss saman som folk, og som gjer at me kjenner oss knytt til det samfunnet me lever i og som har brodd mot ei forflatning av kulturen.

"Joda, men grensene kan verta for snevre, dei kan stengja for viktige impulsar. Tilknytning er viktig. Sjølv om menneska i botn og grunn er like e det jo ulikskapen i bakgrunn og tilknytning som gjer os spennande, men det er viktig å vera open òg. Nordmenn har jo ein veldig sterk tilknytning då," seier Ulph. *Hmm, kanskje, men du får likevel stor merksemd når du lagar poptekstar på norsk, korleis rimar det?*

"Det er nok noko som heng att i det norske. Noreg er ein ung nasjon. Me har ikkje hatt lett for å stola på oss sjølve. Store norske kunstnarar har jo alltid vorte hjelpte fram av utlandet før dei har fått vyrdnad her heime. Ibsen og Hamsun vart jo store ute før me sette pris på dei her. Me har ikkje tradisjon for å komma oss ut med oss sjølve. I den grad me har tryggleik i Noreg er det for ein stor del bedøvande tryggleik," hevdar Ulph.



Bilete: Inger Helen Sekse

MEDIEMAKTA

Høyrrer du mykje på norsk musikk?

Joda, litt så. Eg høyrrer mykje på Mari Boine, Bukkene bruse, Bel canto og Ym:stammen til dømes.

Du går jo mot straumen når du lagar tekstar på norsk. Vil du halda fram med det? Ulph nøler litt. "Eg kan nok ikkje garantera det. Det er ikkje så enkelt å kjempa mot bølgen som vert skapte i medieverda."

Så det er media som styrer populærkulturen i Noreg? "Ja, makta til TV2 og VG er enorm.

Desse mediebedriftene bles opp folkemeininga, og media styrer i voldsom grad det me er opptekne av. Som artist må eg forhalda meg til det dersom eg vil vera på bana. Samstundes kan eg ikkje la dette dominera, for da får eg ikkje laga noko som eg står inne for sjølv.

Det er i dette spennet eg arbeider til dagleg."

Ulph er oppteken av media. Dei rådande media i Noreg er alt for lite kritiske. Til dømes hevdar dei å ta avstand frå Framstegspartiet, men dei tek ikkje noko skikkeleg oppgjær med kva partiet står for. Eg trur norske dominerande media har eit stort ansvar for framgangen til Frp. Dei store media vegrar seg mot å gå i opposisjon mot det som vert oppfatta som folkemeininga. Resultatet vert einsretting av kulturen", meiner han. "Noreg er eit lite land. Her får ein enorm merksemd ei lita stund, så stilnar det heilt. Eg meiner me er ekstremt tabloide her i landet", seier Ulph.

NORSK I MEDIEBØLGJER

Oppfattar du deg sjølv som ein aktør som handlar i strid med denne utviklinga i og med at du syng på norsk?

Nei, eigentleg ikkje. Eg er nok like mykje boren fram av media-skapte bylgjer. Me har hatt tre bylgjer med norske tekstar i norsk populærmusikk. Først var det visesongrørsla, på 70/80-talet, sidan kom Dum Dum-boys på slutten av 80-talet saman med de



Bilete: Inger Helen Sekse

Lillos. Så var det ei ny bølge som kom på 90-talet som me var ein del av. No ser det verre ut er eg redd."

Hmm, men dersom ingen gjekk framom ville vel ikkje slike bylgjer kome? "Nei, men me er veldig avhengige av at det som rører seg der ute er mottakelege for det me har å koma med.

DIALEKTOPPLEVING

Er det andre ting som gjer det vanskeleg å laga tekstar på norsk?, vil eg vita. Er det sant at det er lettare å leggja merke til banalitetar på norsk? "Ja, eg tykkjer det er vanskelegare å skriva tekstar som fungerer på norsk, men det er ikkje eintydig. Eg trur det går mykje på at me ikkje er vane med å høyra norske poptekstar og då

vert ein meir kritisk. Eg meiner at til noko kan dialektar passa svært bra. Det gjekk verkeleg noko opp for meg då eg hørde Beate Lech fyrste gong. Orda og formene ho brukte på dialekten sin treffe meg verkeleg musikalsk. Anita Nancy Valderhaug som syng på siste plata, syng jo på ein svært lik dialekt. Det må vera noko spesielt med dette språket, utan at eg heilt kan seia kva det er. Sjølv om sunnmørsdialekt framstår som spiss og hard i daglegtalet, får ho ei mjuk form når Beate og Anita syng som eg trur det ville vera vanskeleg å få til på bokmål."

TRUR PÅ KAMP

Motmælereportaren er nøgd no og spør spent om korleis Ulph ser på sidemålsstriden i Oslo. "Eg

tykte vel sidemålet på skulen var like keisamt som alle andre, men dette er ein strid om mangfald. Me kan ikkje ha eit samfunn der ingen kjempar for kulturarven vår, og då trur eg nok at ein må vera meir militant i striden enn nokon gong før. Me treng ulike rørsler og me treng ulike kulturelle retningar. Unge Høgre kan hyla om kor meiningslaust dei opplever sidemålet, men i denne sammenhengen er det heilt uvesentleg. I IKT-samfunnet går alt fort. Me veit kva som skjer i resten av verda i forhold til kunst, musikk, dataspel og politikk. I internasjonaliseringa er særpreget vårt det einaste me har i tillegg. Dette står ikkje i motsetning til kosmopolitisering, me treng krydder som går imot einsrettinga"

Ja, du har no vore delaktig i kamp mot einsretting på fleire måtar, du, du stilte jo opp og spelte på aksjonen for nynorsk programvare på Voss.

"Eg tykte det var kjekt å vera med på ein spelejobb som hadde ei meining og der ungdom engasjerte seg slik eg såg på Voss. Eg trur at dersom ein skal få til noko i dag og kjempa gjennom ei meining, må ein ha stor tru på ting og ein må gjera noko. Eg trur eg hadde godt av den turen"

Motmæle håpar at Ulph vil halda fram med å stilla seg på lag med motkreftene til den kulturelle einsrettinga også i framtida.

HALVARD D. LÆGREID

Har du lurt på kva det er som gjer Bob Hund til Bob Hund? Det gjorde i alle fall Unn C. Fyllingsnes. Difor skreiv ho eit fiktivt intervju med gruppa.

Bob Hund - eit fiktivt intervju

- «Jag tror jag är kän! Å, bob hund; kvifor er de bob hund?

▣ Vel, det har seg slik at Mats, som spelar bass, og Johnny som spelar gitar, sulla omkring heime og var blakke. Dei hadde ingen sigarettar og ikkje noko mat. Det einaste dei hadde å ta seg til var å sjå på fjernsyn. Denne dagen kunne sanneleg ha vore betre. Men så kom denne teiknefilmen om ein sprø hund. Ein svart og kvit hund som dumma seg ut heile tida. Han snubla og sjangla og kræsja, og hadde i det heile nokså mykje uflaks. Dette var ein hund dei straks identifiserte seg med. Han var så rar og morosam at dei kom i betre humør. Hunden heitte Bob, og bandet vårt vart heitande bob hund (og skal alltid skrivast med små bokstavar!).

- Nei, eg meiner: Kvifor er de bob hund?

▣ Bob hund oppstod i løpet av hausten 1991 og våren 1992.

Dette er medlemmane: Mats Andersson, trommer, John Essing, gitar på høgre sida, Mats Hellquist, bass, Jonas Jonasson, tangentfjøl, song, melodika, Conny Nimmersjö, gitar på venstre sida, Thomas Öberg, song, melodika, traffic-cone. Og dersom du spør kven me eigentleg er, svarar me berre "Hæ?"

- Hæ? Nei, høyr no her: Eg prøver berre på ein poetisk måte å finna ut kva som er så bra med bob hund og musikken dykkar. Kan nokon gje meg eit svar på det?

Dette veit eg: Til no har bob hund gjeve ut fire album, eitt minialbum, ein video og fleire singlar og Ep-ar. Dei har fått Grammy for Beste Liveopptreden (1994) og Beste Songtekstar (1996), og Det Svenske Kringkastings-sambandet (SR) sin Gylne Mikrofon for Beste Liveband (1998). Og barndomsvenen Martin Kann som har laga logoen med den piperøykjande hunden og står for det meste av design, har fått Publicity Industry sin Golden Egg-pris for omslaget til "Jag rear ut min själl! Allt skal bort!!!", og eit Silver Egg for plakaten av "Omslag: Martin Kann". I tillegg fekk han eit Egg Diploma for logoen.

Bob hund har halde over 300 konsertar i heile Skandinavia og på store festivalar som Roskilde (Dk), Hultsfred (S), Ruisrock (SF) og Quart (N).

▣ Ja. Me fekk omtale i England også, då Damon Albarn i Blur snakka positivt om oss til engelske aviser. Og Graham Coxton frå same band spurde om han kunne få spela med oss. Men me sa nei

og brukte heller sommaren til Kalasturneen, eit reisande konsertarrangement, saman med Weeping Willows og Whale.

- Men de er jo aldri å sjå på fjernsyn, og vert sjeldan intervjuva på radio: Kva kjem det av? Er de sære og skyge?

▣ Nei... Det har aldri vore nokon som har tvinga oss til det, berre. Me har ingenting imot fjernsynsopptredenar så lenge det er eit bra program og me får spela ordentleg live musikk! Barndomskameraten vår, Dan Sandqvist, har faktisk laga ein heil film om oss til ære for fansen. Han fotfylgde oss gjennom fleire turnear med kameraet sitt. Og så har me jo laga ein musikkvideo, då...

- Men andre medium har lagt merke til dykk! I 1998 fekk de prisar frå både Aftonbladet, Nöjesguiden og Expressen, og svensk Radio P3 stemte for at de skulle bli Årets Liveband. "Ved hjelp av ekstrem opptreden, imponerande mikrofonteknikk og meir enn fem meter høge byks opp i lufta, er Thomas Öberg definitivt det verste element av fare på svenske scener i 1998," skreiv Expressen og nominerte Thomas til "Beste Personlegdom i Show". Dette var i Sverige, men i Noreg var de

enno ferske etter gjennombrøtet med Ep-en "Ett fall och en lösning", som kom ut i desember 1997. Men den songen har de ikkje laga sjølve?

▣ Nei, han heiter eigentleg "Final Solution" og er ein gammal Pere Ubu-song som Thomas oversette til svensk. Men elles, med få andre unntak, skriv Thomas alle songane frå grunnen av.

- Kva er det som gjer dykk så bra, då? At de er fullstendig galne under konsertane? At de skit i å få bilete i aviser og billeg reklame i vekeblad? At Thomas "rear ut sin själl" i tekstane, eller kjem det av at de drakk så mykje kaffi under øvingane før de tok avgjerda om å satsa skikkeleg?

▣ Tja. "Tralala lilla molntuss"!

- Eg såg i gjesteboka til heimesida dykkar ein som skreiv noko slikt som "Ni är dom enda som får mej at skrika på skånsk!". Men no når dykkar engelskspråklege alias Bergman Rock skal trollbinda resten av verda: Kjem bob hund til å gå i dvale med "papperspåsar" over hovudet?

▣ Vel... Ei lita pause vert det, men: "Bob hund sover aldrig"...

UNN C. FYLLINGSNES

Dei fleste tenkjer på jola som ei kristen høgtid. På skulen har me kanskje lært om at dei tidlegare feira midtvintersblot i Noreg, men det var jo noko anna...

Korleis jola vart til

Frå evangelia kjenner me saga om då Jesus vart fødd i stallen i Betlehem. Dei fyrste som såg det nyfødde barnet, var gjetarane som var varsla av englane. Seinare kom dei tre vise menn til for å sjå på guten. Hendinga vart markert, men noko feiring var det ikkje i urkyrkja. Derimot motarbeidde dei freistnadene på fødselsdagsfeiring, det vart sett på som heidensk. Som me veit, har kyrkja i dag endra dette synet radikalt, det som er interessant er kvifor det skjedde.

Grunnlaget for jolefeiringa finn me i epifaniafesten 6. januar, betre kjend som trettande dag jol, eller heilag tre kongarsdag. Dette var dagen Gud vert rekna som til menneske, i ein kort periode var det denne hendinga kyrkja markerte.

EGYPTISK FEST

Gnostikarane (ei sekt innanfor kristendomen) overtok og endra ein egyptisk fest som var tidfesta til natta mellom 5. og 6. januar, dette skjedde i det 2. hundreåret. Festen var eigenleg for ein nyfødd gud. For gnostikarane derimot var det ikkje fødselen som var viktig, men dåpen. Dåpen var den verkelege fødselen, fyrst då vart Kristus sonen til Gud. Det var denne dagen Kristus byrja gjerningane sine på jorda, difor var det den dagen som var verd å markera. Urkyrkja såg på gnostikarane som eit trugsmål, ein del av sekta sitt teologiske grunnlag avveik frå den vanlege læra i kyrkja. Det kom difor ikkje på tale at morkyrkja skulle overta ei høgtid frå denne sekta, frykta for andre religiøse retningar var for stor. Men på slutten av 200-talet var den teologiske smitteeffekten nærmast vekte, og skikken med å markera dåpen til Jesus vart innført i kyrkja ein gong mellom år 200 og år 300.

FEIRINGA VERT FLYTTA

Serleg etter kyrkjemøtet i Nikea i 325 spreidde epifaniafesten seg innanfor Romarriket, både i aust og vest. Han vart no halden til minne både om dåpen til Jesus, brudlaupet i Kana, og at Jesus vart fødd. Fram til midt på 300-talet

var dette det kyrkjelege innhaldet i 6. januarfesten. Ein eigen fest for feiring av inkarnasjonsunderret var under utvikling med paven i Rom som den drivande krafta. Den fyrste jolefeiringa finn me difor naturleg nok i Rom i tida kring år 350. Epifaniafesten vart no fråteken fødselsdagsfeiringa, ei

religionar.

Etter dei store forfylgingane fekk keisar Diokletian i 311 i stand ei ordning som regulerte tilhøvet mellom kyrkja og staten. Fredelegare tider førte til at kyrkja voks snøgt. Av pedagogiske årsaker trong dei faste festdagar i året der viktige delar av læra fekk særskild

som pla feira fødselen til guden sin. Kyrkjeleiarane såg det som naudsynt at ein tok omsyn til dei truande med ein fødselsfest, ikkje minst for at ein då kunne demma opp for det fråfallet som skjedde ved at dei kyrkjesøkjande vende seg til dei gamle religionane sine når deira gamle festdagar vart feira. Folk trong faste markeringar.

JESUS ELLER SOLA?

Ein stor konkurrent til kristendomen var Mithrakulten, ein religion for menn som var serleg utbreidd blant dei romerske soldatane. Mithra vart dyrka som solgud, feiringa vart knytt til 25. desember, den dagen romarane feira som solguden sin fødselsdag. Dei trudde sola snudde den dagen. Me hadde ein situasjon der soldyrkinga og 25. desember stod sentralt i fleire religiøse retningar. På denne dagen vart den uovervinnelege sola dyrka. Ved å plassera fødselsdagen til Jesus til same tid, utfordra kyrkja både keisardyrkinga og mithrakulten. Kristus vart symbolet på skaparen av sola.

Som ein framstøyt for å styrkja stillinga til kristendomen i ei tid prega av mange trusretningar, var datofestinga av fødselen til Jesus både dristig og sers vellukka. Heile kristenverda var samla om å feira Kristi fødsel 25. desember alt i fyrste halvdel av 400-talet. Då kristendomen kom til Noreg litt før år 1000, var den kristne jola ein veletablert festperiode med lange tradisjonar i kyrkja.

JOLA KJEM TIL NOREG

Ved innføringa av kristendomen i Noreg vart den gamle norske jolefeiringa omforma og gjeven eit nytt innhald. Den ðlmennkyrkjelege nemninga, *nativitas domini*, vart omsett til gamalnorsk *gudz fødzlo høgtid*. Men dette namnet på høgtida vann ikkje fram. Nordmennene var so vane med omgrepet *jól*, so kyrkja måtte gje seg på det.

For å markera jola som ei stor kristen høgtid innførte ein mellom anna ein tre vekers jolefred. Kyrkja vart ved dei mange gudstenestene sine i jola det samlande midt-



rekke verkemiddel vart sette i verk for å svekkja innhaldet i dagen, no ynskta dei størst mogleg merksemd om den nye store festdagen 25. desember.

Kvifor ville so kyrkja flytta festen når me byrja få ein innarbeidd kyrkjefest 6. januar? Kyrkja ynskta sin eigen sjølvstendige fest for at Jesus vart fødd. Dei utvikla ei heilt ny høgtid som svar på dei politiske og sosiale tilhøva. Denne høgtida vart eit middel for å styrkja stillinga til kyrkja i ei tid med aukande andeleg forvirring og ulike konkurrerande livssyn og

merksemd. Store folkegrupper skulle systematisk lærast opp. Ein dag som utelukkande konsentrerte seg om å markera at Gud vart menneske, var naudsynt for å understreka kor eineståande inkarnasjonen var. Rekka med faste festdagar var ein føresetnad for å skapa samanheng i forkynninga gjennom heile året. I epifaniafesten var feiringa av at Jesus vart fødd, skove for mykje til side.

Vel so viktig var omsynet til dei store skarane med nyomvende, som på mange måtar hadde roffeste i andre religionar

punktet for forfedrane våre si feiring av fødselen til Jesus.

For å markera jola so sterkt som råd vart ei rekke kvile- og messedagar innført saman med so vel asketiske som "menneskevenlege" påbod, som fastetid og jolefred. I den gamle bylova til Magnus Lagabøte heiter det at jolefreden skulle gjelda frå 21. desember og vara i tre veker. Om nokon mann i denne tida vart utsett for fiendskap i ord eller gjerning, skulle bøtene doblast. Alle rettssaker om gjeld skulle leggjast vekk so lenge jola varte, rettssakene vart stoppa, kyrkja tillet ingen å avleggja eid i joledagane. På denne måten førte den kristne jolefeiringa til at visse rutinar i samfunnet vart lagde om. At jola fekk so raskt innpass, heng saman med at ho føydde seg inn i ein etablert festtradisjon.

DEN HEIDENSKJE SOLFESTEN

I misjonstida i Noreg møtte den kristne kyrkja ein veletablert heidensk midtvintersfest som vart kalla jol. Kampen mot ein etablert skikk måtte først på ny. Tilpas-

singa frå kyrkja si side skjedde på ein smidig måte. Den norske jola fekk innslag frå nytt kontinentalt stoff med minnefesten for at Jesus vart fødd. Dette blanda seg med dei gamle norske skikkane og trusforestillingane, som kyrkja på lengre sikt ynskte å omforma.

Kva slags midtvinterfest, eller jol, me hadde før kristendommen veit me lite om. Nokre hovudtrekk kjenner me til lell. Det var ein fest som starta 13. januar, og strekte seg over fleire dagar. Me trur dei ofra dyr (me har vel alle lært om bløting på barneskulen?). For å fremja årsveksten og fred drakk dei øl.

Kva som var innhaldet i feiringa, er eit omstridd tema. Ein teori går ut på at festen hadde mange trekk som minner om forfedredyrking, og at ein heldt han for dei daude som på vinteren si myrkaste tid vende heim til sine gamle bustader. Du har kanskje høyrd om Oskoreia? Dei såg for seg at dei daude kom heim i flokk natt til jolenatta.

Andre har sett den eldste norske jolefeiringa som ei avslutning på ein festeperiode som vart mar-

kert med slakting og brygging. Jola vart ein fest der symbolske handlingar skulle auka sjansen for gode avlingar i det komande året.

Nokre forskarar har tolka den gamle jolefesten som ein solfest lik den me kjenner frå andre land.

Kven av desse teoriane som stemmer, veit me ikkje, til no har forskarane slege seg til ro med at me veit lite om den heidenske jolefeiringa. Men me veit at ein del av skikkane frå denne gamle festen har levd vidare med delvis nytt innhald innanfor råma av den kristne jolefeiringa. Den rituelle øldrikkinga har fått leva vidare. Det var ikkje lenger Odin og Tor ein drakk for, men for Kristus og jomfru Maria. Både øldrikkinga til jol og den sakrale minnedrikkinga vart påbode ved lov.

I snart tusen år har me i Noreg samla oss til jolegudsteneste. Etter reformasjonen freista kyrkja aktivt motarbeida ein del festformer i jola som dei såg på som ukristelege. Kyrkja var redd for å føra vidare heidenske og katolske joleskikkar. Kyrkja ville gjenreisa det kristne innhaldet i jolefeiringa.

KVA ER SO JOLA I DAG?

I dag startar jola i kjøpesentra alt i midten av november, og ho varer eit stykke ut i januar. Handelsstanden nyttar jola for å selja meir, medan det frå kyrkjeleg hald vert mint om den kristne bodskapen med jola og at meininga med høgtida ikkje ligg i å kjøpa mest mogleg.

Kva som har vore bodskapen med jola, har endra seg med samfunnet. Me puttar gjerne inn det me saknar i kvardagen. Ein viktig føresetnad for å skapa jol er at joledagane skil seg frå kvardagen, både når det gjeld innhald og ytre råme.

Same om du feirar jol for at du ynskjer tid med familien, for at Jesus vart fødd eller for å markera at du ynskjer fred på jord, ynskjer Motmæle deg ei riktig god joll!

INGVILD AURSØY MÅSEIDE

Kjelder:
Glædelig Jull av Bjarne Hodne og Anna-Marie Wiersholm
Vår norske jul av Olav Bø
Artikkel for Jakten fortsetter av Sissel Skønnum



Bileta er tekne av Erik Bolstad.

Kan lærebøker lyga, og korleis gjer dei det i so fall? Kva fører lygnene til? Dette var noko av det Ragnhild Ås tok opp i innleiinga si på Målstrid 2000. Her fylgjer ei nedkorta utgåve av innleiinga.

Korleis lyg lærebøkene om Aasen?

Då eg gjekk på vidaregåande hadde eg politisk idéhistorie som valfag. Då lærte eg noko eg aldri før hadde tenkt så nøye gjennom. Det gjekk opp eit ljos for meg, rett og slett. Klassen vart inndelt i fire grupper. Vi skulle skriva om då Berlin vart delt i Aust- Berlin og Vest- Berlin i 1945, den sokalla Berlinavtalen, sett frå ulike ståtader. Kvar gruppe tok føre seg ei lærebok frå kvar si stormakt for å sjå på korleis delinga vart framstilt. Ei gruppe tok ei russisk lærebok, ei anna ei amerikansk, dei to andre gruppene hadde lærebøker frå Storbritannia og Tyskland. Lærebøkene framstilte bakrunnen for, årsakene til og følgjene av delinga på vidt ulike måtar, trass i at det var snakk om den same historiske hendinga! Landa hadde ulike røynsler frå krigen, og dermed ulike politiske strategiar og mål for framtida. Då var det ikkje uviktig kva ungene voks opp til å tenkja og meina. I USA var dei redde for kommunismen, det vart spegla i den amerikanske læreboka. I Sovjetunionen var dei redde for USA, og det syntte seg i måten dei framstilte USA si rolle under delinga på.

Bøkene framstilte denne historiske hendinga på vidt ulike måtar. Konklusjonen vår var at difor voks ungene i desse landa opp til å tenkja vidt forskjellig om det som hadde hendt, om dei andre landa, om politikk generelt, ja, om verda. Sjølv byrja eg å tenkja at hmm..., då er det jo slik at det som står i læreboka mi ikkje nødvendigvis er sant heller, da?

Etter dette vart eg etterkvart meir og meir kritisk til det eg las, eller rettare: meir og meir medviten om at det som står i læreboka ikkje er den fulle og heile sanninga.

Det som er sant er at visse hendingar har funne stad. Det er t.d. sant at Noreg vart ein eigen stat i 1814, men bakgrunnen for denne hendinga, og følgjene av henne, finst det ikkje noko fasit-svar på. Versjonen historieboka gjev, er ein av mange ulike.

EIT KULTURFAG

Både sogefaget og norskfaget er fag der det ikkje finst absolutte

fasit-svar på kvifor noko har hendt, og kva følgjer denne hendinga har fått, men fleire ulike forklarings-måtar. Både faga er svært viktige i skulen. Norsk er eit sokalla kjernefag i skulen, og det er jo ikkje so rart. Det å meistra sitt eige språk er jo ein av dei viktigaste føresetnadene for å tileigna seg annan kunnskap og for å kunna uttrykka seg, både skriftleg og munnleg. Men i norskfaget lærer ein ikkje berre å lesa og skriva. Vi lærer m.a. litteratursoge og språk-soge, og då lærer vi om kva tankar, ideal, diskusjonar og motset-nader som har vore før oss. Slik kan vi seia at norskfaget ideelt sett er eit kulturskapande fag.

Sjølv om skular brukar ulike norskbøker, står det stort sett det same i dei. Dette gjer at alle elevane over heile landet får ta del i det same. Bøkene formar oss til å få sams oppfatningar og referanseråmer. Dei formar oss til å verta norske. På denne måten greier vi å fungera og forstå andre i det norske samfunnet. På same måte som alle nordmenn veit kva kjøttkaker er, veit alle om kjente songar som *Millom bakkar og berg* og *Ja, vi elsker*, og vi veks opp til å tenkja stort sett likt om språk og språkhaldningar.

Kva som står i læreboka og korleis læraren formidlar det som står der, er svært viktig for korleis vi veks opp til å tenkja og tolka verda rundt oss. På den måten er

lærebøkene innlegg i språkstri-den, på same måten som lesar-brev i avisene er det. Forskjellen er at det som står i læreboka har mykje større autoritet enn lesar-brevet.

Overskrifta på artikkelen min er "Korleis lærebøkene lyg om Aasen". Eg har tenkt å ta føre meg ikkje berre korleis lærebøkene lyg, men korleis nynorsken og språkstoda vert framstilt i lærebøkene. Deretter vil eg sjå på kva desse løgnene og halvsann-ingane fører til. Eg har sett på tre av dei mest brukte norskbøkene på vidaregåande skule. Det er *Bruer* (Aschehoug), *Kolon* (Sam-laget) og *Tekst og Tanke* (Univer-sitetsforlaget).

Nokre vil kanskje innvenda at elevane ikkje berre tek imot og svelgjer rått det som står i lærebøkene, dei kan vera kritiske og gjennomskoda bøkene. Andre vil hevda at dette ikkje er eit problem fordi elevane ikkje bryr seg om kva dei lærer, men berre puggar til prøver og gulpar opp att det dei har lese. Når vi i NMU reiser rundt på skulane og diskuterer desse sakene med elevane, merkar vi at dei stort sett tenkjer likt om målstoda. Fordi vi alle veit at målsak ikkje er det hyppigaste ordskiftetemaet mellom ungdom, er det nærliggjande å tru at dette heng saman med kva dei har lese og lært på skulen.

KVA ER NØYTRALT?

Når ein les læreplanar eller høyrer debattar om kva skulefaga skal innehalda, merkar ein at det vert lagt stor vekt på at kunnskaps-formidlinga skal vera objektiv og nøytral, altså at bøkene og lærarane ikkje skal ta stilling. Elevane sjølve skal gjera det. Når ein prioriterer faget so høgt, og når ein læreplan definerer kva som er viktige og mindre viktige tema, har ein allereie teke stilling til ei rad spørsmål.

Bøkene som vert nytta i undervisninga, skal vera nøytrale. Dei skal ikkje ta stilling til striden mellom nynorsk og bokmål. Difor skriv dei ofte at det er bra med to språk, og at det er noko vi bør halda fram med å ha. Dette stand-punktet er slett ikkje nøytralt. Ikkje meir nøytral enn å hevda at vi berre bør ha bokmål eller berre nynorsk. Det høyrest sjølvstakt diplomatisk ut å ikkje ønskja nokon av språka til livs, men det er like mykje eit standpunkt. Då konkluderer ein med at målstriden og utviklinga av skriftspråka er noko som vi ikkje treng å tenkja særleg over. I læreboka "Norsk" som vart skriven på 60-talet, står det om bokmål og nynorsk:

De fleste er nok enige om at språkene fortsatt vil komme til å nærme seg hverandre, og kanskje til og med vokse sammen til ett språk.



«ELEVANE VERT IKKJE OPPMODA TIL Å TA STILLING, DETTE GJER ELEVANE TIL PASSIVE TILSKODARAR TIL SOGA.»

Bilete: Hege Lothe

Forfatterane av denne boka tykkjer ikkje det er so bra med to språk og freistar å få det til å høyrast ut som om språka vil veksa saman til eitt, uavhengig av kva vi vil. Det er litt rart at den utviklinga som var uungåeleg på 60- talet, ikkje får like stor plass i lærebøkene i dag. I læreboka Bruer frå 1996 kan ein lesa at:

Det er heller ingenting i dag som tyder på at målfornene vil smelte saman med det første. (...) Dermed ser det ut til at vi må leve lenge langt inn i neste hundreåret med to målformer. (Bruer, s. 281)

Her står det det stikk motsette, nemleg at dei ikkje vil veksa saman til eitt språk, men leva side om side lenge enno. Men begge bøkene har jo i si tid vore rekna for å vera objektive og nøytrale nok til å verta nytta i skulen. Kva som er nøytralt og objektivt, kan altso endra seg. Men korleis kan dette skje? Svaret er sjølvsagt igjen at det ikkje finst noko nøytralt eller ei absolutt sanning. Det som vert rekna for å vera nøytralt, fell stort sett saman med dei tankane som rår i tida. I dag er den offisielle politikken jamstilling mellom nynorsk og bokmål, og språkfred. På 60-talet, då den andre boka vart skriven, var målet samnorsk. At den rådande tanken er språkfred, får følgjer for stort sett alt som vert framstilt i lærebøkene. Men språkfred, kva er no det? Fred er jo eit fint ord, og ein skulle tru at det var noko positivt, i motsetnad til ordet språkstrid. So enkelt er det ikkje. Språkfred vil seia å ikkje problematisera det at vi har to skriftspråk i landet. Dette vil det språket som har størst prestisje og som er mest utbreidd, nemleg bokmålet, tena på. I ordet fred ligg det at det ikkje er eit poeng i å endra på stoda. Språkfred er å godta at ting er som dei er, å godta at det er eit skeivt styrkeforhold mellom nynorsk og bokmål. Bøkene overser at so lenge vi har to språk som tevlar om dei same brukarane, har vi språkstrid i landet vårt. Språkfred er altso ikkje nøytralt. Lærebøkene er ikkje nøytral formidling av kunnskap, men like mykje opplæring i ein tenkjemåte.

Å FARGA FRAMSTILLINGA

Vi må hugsa på at historieframstillinga i lærebøkene alltid vil verta prega av synet til forfattarane. Som me veit finst ingen nøytral framstillingsmåte. Det forfattere meiner er viktig, er

det det vil bli lagt vekt på i framstillinga. Det mindre sentrale kan verta dyssa ned eller utelate. Det finst fleire måtar å farga framstillinga på, eg skal ta føre meg tre slike måtar å farga stoffet på.

1. Prioritering av stoffet

I alle lærebøker må forfatterane velja ut kva dei vil leggja vekt på. Alt kan ikkje få like stor plass. For han som les boka, er det lett å tru at tema det står mykje om, er viktigare enn tema som får mindre plass. Læreboka Kolon har 430 sider. Her står det heile 42 sider om språksoga. Av desse står det 3 sider om Aasen og Knudsen og måten dei ville gå fram på for å laga eit nytt skriftspråk, medan det står heile 17 sider om rettskrivingsendringar. Dette temaet vert grundig handsama, men det står mest om dei konkrete endringane som fann stad, årstala for når det skjedde og mange døme på kva som vart lov og ulovleg å skriva. Det står lite om kvifor endringane kom. Prioriteringa av stoffet er


eit direkte resultat av språkfredstankegangen. Når det er språkfred som rår, treng ein ikkje problematisera stoffet eller vera kritisk til det som har hendt. Det mest "ufarlege" er då å berre skildra. I dette tilfellet: skildra kva for bokstavar som var ulovlege då og lovlege då.

Eg er sjølvsagt ikkje imot at elevar skal ha kjennskap til rettskrivingsendringane. Det eg er imot, er at elevar berre skal veksa opp til å vita kva for bokstavar som var lovlege å skriva då og ulovlege då, og tru at språksoga berre dreiar seg om kringling om rekkjefølgja på bokstavane. Om bøkene hadde fokusert meir på bakgrunnen for endringane, altso om bakgrunnen for at vi har språkstrid og om Aasen og Knudsen sine prosjekt, hadde det vore lettare å sjå at endringane var ein del av ein større strid. Ein strid om kva som skal vera det norske språket. Striden er ikkje avslutta, det er vanskeleg å sjå seg sjølv som ein del av denne striden når lærebøkene framstiller språksoga som ein strid om bokstavar.

2. Faktiske feil

Når det gjeld faksiske feil og utelating av fakta, er ikkje det ikkje

så lett å oppdaga. Då må ein jo vita kva som faktisk hende. I boka Bruer vert det ikkje sagt noko om kvar Ivar Aasen reiste då han skulle kartleggja alle dei norske dialektane. I staden er det teikna inn eit kart med tittelen "Reisruta til Aasen", der det går fram at



han ikkje kom lenger nord enn til Rana i Nordland. I boka Kolon likens; der står det at "Aasen reiste så langt nord som til Helgeland." Dette stemmer ikkje. Aasen reiste ein tur til, og då var han så langt nord som Tromsø, og til saman reiste han i sju år, ikkje fire slik det står i bøkene.

3. Problematiseringar

Når ein får utdelt ei stiloppgåve, vert ein ofte beden om å drøfta eit tema. Å drøfta vil seia det same som å problematisera temaet, ein skal sjå det frå ulike sider. På denne måten skal ein øva seg opp til å tenkja kritisk, og det er som kjent viktig i mange samanhengar. Då er det synd at lærebøkene ikkje øver opp til kritisk refleksjon. Eg fann nemleg forbausande mange døme på at bøkene unnlet å problematisera visse tema. Ved å ikkje problematisera, vert det som står, til sanninga.

I læreboka Tekst og Tanke står:

Med reformene i 1907 og 1917 kan vi si at en etappe i norsk språkutvikling er over, skriftspråket kunne kalles norsk. (T&T, s. 314)

Her slår læreboka fast at i 1917 vart dansknorsken norsk. Her gjev boka inntrykk av å koma

med ein fasit på eit spørsmål det ikkje finst nokon fasit på. Det er sant at dansknorsken gjekk gjennom rettskrivingsendringar i 1907 og 1917, det kan ingen nekta for. Det er ikkje dimed sagt at dansknorsken med dette vart norsk! Dette finst det mange ulike

meningar om. Nokre ville hevda at han vart norsk i 1907, for då fekk vi skriva ape i staden for abe, kule i staden for kugle og kake i staden for kage, og det er jo norsk. Andre vil hevda at det er feil å hevda at dansknorsken er norsk fordi røtene er frå Danmark, medan andre igjen meiner dansken vart norsk i 1938, for då fekk vi skriva høna i staden for hønen og beina i staden for bena. Dette syner at det ikkje finst grunnlag for å påstå at 1917 er eit viktig skilje. Likevel poengterer læreboka dette. Ein kan lura på kvifor det er so viktig å få stadfesta at bokmålet vart norsk? Her må me

nok ein gong sjå påstanden i lys av språkfredstankegangen. Ved å slå fast at bokmålet er norsk, utan å problematisera nasjonaliteten til språket, unngår ein strid.

Ein gjengangar i mange bøker er å forklara endringar i tale-målet som om at det er endringar som berre hender, heilt naturleg og av seg sjølv. Under overskrifta "Formverk" i Bruer står:

I mange målføre får stadig fleire sterke verb svak bøyning i presens, t.d kommer for kjem, blåser for blæs, og i inkkjekkjønn fleirtal ubunden form høyrer vi stadig oftare bøyninga frimerker, problemer, epler for den tradisjonelle bøyninga frimerke osv utan -r i fleirtal. (B, s. 221)

Ved å bruka presens av verbet få, dvs ved å skriva at mange målføre får stadig fleire slike ord høyrst det ut som om at det er noko som berre skjer av seg sjølv at folk byrjar nytta bokmålsord i dialekten sin. Det underbyggjer førestillingar om at språkutvikling er noko "naturleg", noko vi ikkje kan endra på. Boka freistar ikkje å problematisera kvifor dette hender, ho berre observerer ein tendens utan å setja han i samanheng med språkpolitiske forhold

i samfunnet. Det skeive styrkeforholdet mellom bokmål og nynorsk, dvs. at bokmålet dominerer på alle kantar, er sterkt tona ned i boka. Språkstoda er mogleg å endra på, sidan det er menneske som brukar språk, og menneske kan endra språkvanar.

FORMULERINGAR OG VERDILADDE ORD

Eg fann svært mange døme på det eg vil kalla "uheldige formuleringar". Ofte er det slik at læreboka nyttar ord med ein positiv klang utan å gje ein skikkeleg definisjon på dei når dei skriv om bokmålet, og brukar ord som nærer opp under fordømmar mot nynorsk når dei skriv om nynorsken.

Ei lærebok skriv:

Nokre av formene i bøyings-systemet ovanfor hadde ikkje grunnlag i talemålet. Ingen nordmenn seier "bygderna", "visorna" og "kastade-kastat". Likevel valde Aasen desse formene, fordi han meinte det var viktig å markere tydeleg dei enkelte bøyingsklassane. (Bruer, s. 255)

Det er ein utbreidd fordom at nynorsken har mange vanskelege ord som ikkje finst i talemålet, og her meiner eg boka nærer opp under denne fordømmen. Boka burde ha trekt fram prinsippa han gjekk etter. Aasen meinte at eit nasjonalt skriftspråk måtte vera demokratisk. Men korleis får ein demokratisk skriftspråk? Jau, ein finn dei felles draga i alle dialektane, slik at ingen einiskildialekt vert direkte attgjeven, men systemet i alle dialektane.

Når forfattarane skriv om endringane i nynorsknormalen skriv dei:

Nynorsken har vært kritisert for å ha alt for mange former i bruk, og mange har sett dette som en grunn til at nynorskbrukere går over til bokmål. (T&T, s. 322)

Det er eit faktum at mange nynorskbrukarar går over til bokmål. Her koplar læreboka målbytet til det at det finst så mange former å velja mellom i nynorsken. Forfattarane seier ikkje direkte at det er dei som hevdar dette, dei viser til at mange har sett dette som ein grunn til at folk byter til bokmål. Her saknar eg at forfattarane er meir vitenskaplege. For det første: Kven er det som har kritisert nynorsken for å ha altfor mange former i bruk? Og kven er desse "mange" som ser dette som ein grunn til at folk byter språk? Set-

ninga står inne i eit avsnitt som gjer greie for rettskrivingsendringane i bokmål og nynorsk. Det verkar litt rart at dei skriv dette midt inne i eit avsnitt som skildrar rettskrivingsendringar. Dei introduserer eit nytt tema med denne setninga, nemleg kvifor so mange byter frå nynorsk til bokmål. Dette tykkjer eg er eit særst interessant tema som boka burde ha skrivt meir om. Ved å kopla temaet til avsnittet om rettskrivingsendringar verkar det som om forfattarane tek for god fisk at det er utsjånaden til nynorsken som gjer at folk byter til bokmål. Ved å unngå å problematisera påstanden, dvs. ved å la han stå uimotsagt antyder dei at det er dette som er årsaka. Når dei først har skrivt kva nokon meiner, vert det unansert å ikkje skriva om kva andre meiner. Det står ingenting om at bokmålet dominerer på alle kantar, at skuleelevar ofte ikkje får lærebøker eller dataprogram på nynorsk, eller at vi vel det vi er vane med og at det kan vera ei viktig årsak til at det ikkje er so lett å halda på nynorsken. Der- som forfattarane hadde skrivt det, ville dei ha problematisert temaet, og ikkje nært opp under tanken om at utsjånaden på språket avgjer kva vi skriv.

Eg har òg funne fleire døme på at ord med positivt ladd innhald vert knytt til bokmålet, dette fann eg og i "Bruer": *Den tredje lina kunne vi kalle fornorskingslinja eller utviklingslinja. Ho går frå Henrik Wergeland til Knud Knudsen og fram mot bokmålet vi har i dag. (B, s. 249)*

Her nyttar boka ordet *utviklingslinja* som synonym til ordet *fornorskingslinja*, men desse orda er ikkje synonym. Ei forandring frå eit tidspunkt i soga til eit anna tidspunkt er alltid ei *utvikling*, anten det er snakk om fornorskingslinja eller andre "liner". At noko utviklar seg, vil ikkje seia det same som at noko endrar seg frå å vera kvalitativt dårleg til kvalitativt betre. Men det er ofte det vi tenkjer på når vi høyrer ordet. Her nyttar forfattarane ordet *utvikling* fordi det har ein positiv klang, det gjev inntrykk av at noko går framover og vert betre, og det vert sett i direkte samanheng med "utviklinga" frå dansk-norsken til det bokmålet vi har i dag.

I Tekst og Tanke står det at Aasen fekk eit stipend for å granska dialektane. Og vidare: *Han la ut på det han kalte sin "rundreise". Den tok fire år. Men*

Aasen drog ikke land og strand rundt. Han konsentrerte seg om dialektene på Vestlandet, i Agderfylkene, Trøndelag og på Østlandet. Han undersøkte imidlertid bydialektene. (T&T, s. 251-2)

Her høyrst det ut som om forfattaren ironiserer over at Aasen kalla innsamlingsferdene sine ei "rundreise". Han skriv "men Aasen drog ikke land og strand rundt" som for å stadfesta at han ikkje var særleg grundig i arbeidet sitt. Gjennom ordbruken sår forfattaren tvil om Aasen verkeleg var på ei rundreise eller om han berre var på Vestlandet. Mange trur at nynorsken er eit vestlandsspråk, og her stadfestar læreboka den trua, men som vi veit, har ikkje denne trua rot i røyndomen.

Ein annan fordom som rår, er at nynorsken ikkje høver for dei som bur i byar. Denne fordømmen vert underbygd av at forfattaren skriv at Aasen undersøkte bydialektane. Det er ikkje sant at han ikkje tok omsyn til bydialektane. Det han ikkje tok omsyn til, var sosiolektmålet til overklassa. Grunnen til det var at dei ikkje tala norsk, men freista å tala so likt dansk som råd. Difor såg han ingen grunn til å ta omsyn til talemålet deira, i og med at dei sjølve ikkje ønskte å tala norsk, men heller såg ned på dei som tala norsk (dialekt) og kalla det forkvakla dansk.

KVA FØRER LØGNENE TIL?

Kvifor er det eigentleg so viktig å skriva om feil og manglar i lærebøkene? Er det for å påpeika at de er hjernevaska alle i hop og at norskfaget er fullt av løgner? Er det for å syna at eg kan så mykje meir enn lærebøkene? Sjølv sagt ikkje. Eg meiner det er eit system i kva bøkene let sleppa til av meiningar, kva dei forklarar, ikkje forklarar og kva dei lyg om. Det er ikkje tilfeldig kva dei skriv unøyaktig om. Som ei følgje av språkfredstenkinga vert argumenta og innhaldet i målstriden nedtona, og keisame tema som rettskrivingsendringar får stor plass. Spørsmål om normering verkar som keisam flikking av detaljar, og språk vert til ei upolitisk skrivebordsak som språkprofessorane tek seg av. Bøkene er med på å byggja opp under fordømmar om nynorsk: nynorsk er vestlandsspråk, har mange vanskelege ord, høver ikkje for byfolk, og det er naturleg at folk byrjar

nyta bokmålsord i dialekten sin. I og med at språkfredstanken inneber at ein framstiller forholdet mellom nynorsk og bokmål som harmonisk, vert det ikkje interessant å problematisera kvifor ting er som dei er. Soga vert då til noko som passerer utanfor ein sjølv, som ein ikkje kan vera med på å forma.

Det finst mange døme på at det slett ikkje er språkfred, men heller tvert imot språkstrid i landet vårt. Fleire riksaviser har redaksjonelt forbod mot nynorsk, etermedia bryt stadig 25%-regelen for språkbruk, og det er stadig brot på mållova i embetsverket. I september i år streika 21 000 skuleelevar over heile landet for retten til å få nynorsk programvare i skulen. Det gjorde dei fordi nynorsk elevar i realiteten ikkje får oppfylt dei same rettane i skulen som bokmåls elevar, sjølv om opplæringslova slår fast at dei har like rettar. Er det eit uttrykk for språkfred? Kva med framlegget frå Oslo Høgre om valfri sidemål-undervisning? Ville det ha kome dersom det var språkfred i landet vårt?

Eit siste utdrag frå ei lærebok, som spør om framtida:

Det verkar urealistisk å tru at nynorsk vil bli "einaste riksmål i landet", slik mange målfolk lenge vana. Den store framgangen stoppa opp for godt under 2. verdenskrigen. (B, s. 281)

Her har eg utheva dei orda eg vil de skal leggja merke til. Kvifor skriv dei at det er urealistisk? Kven avgjer kva som vil henda i framtida? Å seia at noko er urealistisk i denne samanhengen er å overlata ting som hender til andre. Og å skriva at framgangen for nynorsk stoppa opp "for godt" er å seia det same som at det ikkje er nokon vits i å arbeida for nynorsk fordi framgangen rett og slett har stoppa opp for æveleg og alltid. Læreboka gløymer at nynorsken har hatt so stor framgang fordi det er folk som har kjempa fram framgangen. Det har ikkje skjedd av seg sjølv. I 1850 skreiv ein person nynorsk, i år 2000 skriv ein halv million nynorsk. Om det er fleire eller færre som skriv nynorsk om 50 år, er det ikkje læreboka som har fasiten på. Det er faktisk ungdomane som les lærebøkene som avgjer.

Lærebøkene må gjera elevar meir medvitne om språk og kultur. Bøkene burde engasjera elevane til å tenkja over og ta stil-

ling til det kulturpolitiske strids-spørsmålet som målstriden faktisk er. Elevane vert ikkje oppmoda om å ta stilling, dette gjer elevane til passive tilskodarar til saga, og ser ikkje seg sjølve som ein del av henne. Då vert det ikkje så lett å sjå at vala ein gjer i år 2000 er val som får følgjer på same måten som dei vala folk tok i t.d. 1907.

Grunnen til at det er so viktig å ta stilling til det vi les, er jo m.a. fordi det ikkje finst eit eintydig svar på korleis norsk kultur har vore

eller bør vera. Gjennom norskfaget vert vi opplærte til å verta norske. Ved å læra om kva som finst av motsetnader og stridar før oss, vert det lettare å ta stilling til korleis vi vil at framtida skal sjå ut. Det er ikkje sjølvsgagt kva som skal vera innhaldet i faget, og korleis vi skal læra det. Eg tykkjer det er viktig at vi lærer om saga vår, har ein del felles haldningar og ei kjensle av at vi er eit fellesskap. Eg er ikkje samd i det lærebøkene ser på som sjølvsgagt. Vi må sjølvsgagt lesa lærebøker og følgja

med i timane. Vi må vera klar over at dei haldningane vi møter i lærebøkene, er dei rådande tankane i samfunnet, og ikkje den heile og fulle sanninga, og at det er mogleg å stilla spørsmål ved aksepterte sanningar.

Det eg ikkje ønskjer skal vera ein del av norsk kultur, er at elevlar skal veksa opp til å ha vrangførestillingar om nynorsk, eller til å tru at saga er noko som går sin gang der ute ein stad. Eg vil ha eit norskfag der lærebøkene ikkje innbyr til pugg og oppgulp, men

til refleksjon, der elevane ser seg sjølve i ein historisk samanheng, og får lyst til å engasjera seg. Ved å ikkje ta stilling, men berre pugga det som står i bøkene, lærer vi ikkje å tenkja kritisk, eller til å sjå ei sak frå ulike sider. Det er synd. Det er vi som er unge som må vera med på å forma innhaldet i norskfaget og den norske kulturen i framtida.

RAGNHILD ÅS

Endeleg er ho her!

Du som har vore på nokre landsmøte har sikkert høyrte om lagshandboka. På kvart landsmøte vert det oppsummert at diverre kom ikkje lags-handboka ut i år heller.

Same kor mykje som har vorte gjort i organisasjonen, har ikkje lagshandboka kome. So vert det vedtatt at me skal ha det med i neste arbeidsprogram. Sånn har det vore dei siste ti åra. Same kor mykje flott som har vorte gjort, har det vore uråd å få avslutta arbeidet med lagshandboka. Kva som har gjort henne so vanskelig å få ut, er uråd å seia. Men no endeleg er ho her!

Boka har vorte arbeidd med i ti år, so mange målungdomar har lagt si hand på verket. Eg ringte Guri Skeie, som har gjort mykje med boka, for å slå av ein prat med henne.

Korleis er det å vera på framsida av lagshandboka?

Haha, jo det må vel vera ei stor ære?

Det har du no ærleg fortent so mykje arbeid som du har lagt ned i boka?

Ja, det har eg jo, i alle fall meir enn Ivar Aasen. Han er òg avfotografert på framsida.

Kva har du gjort?

Arbeid med lagshandboka har vart lenge, kor lenge veit eg ikkje. Me var ei nemnd som tok over arbeidet i 1996 eller 1997. Me som sat i nemnda, var Ragnhild Ås, Oddbjørn Haugen og eg. Då me tok over, var det skriva ein del kapittel til boka, men dette måtte koordinerast. Me skreiv om my-

kje tekst, retta opp og la til. Av og til bad me dei som hadde skriva, omarbeida teksten for å få fram bodskapen betre.

Det er fleire år sidan den nemnda avslutta arbeidet. Etterpå har boka vore gjennom mange rundar, både i sentralstyret og studieutvalet. Mange folk har vore med og bidrege, både ved å skriva og å koma med innspel.

Dette arbeidet har vart lenge, du er ikkje redd for at boka alt har byrja verta utdatert?

Nei, eg vil ikkje seia boka er utdatert i dag. Undervegs i arbeidet har me oppdatert og lagt til nye ting. Me har mellom anna fått med at ein del målungdomslag har fått heimesider, det hadde dei jo ikkje for ti år sidan...

Om ikkje lagshandboka vert oppdatert, vert ho nok utdatert. I denne versjonen står det inkje om e-postaksjonar eller aksjonar for læremiddel på nynorsk. Det kan vera lurt å ha ein perm i tillegg til den innbundne lagshandboka. Ei bok som dette treng kommentarar og innspel. I permen lyt ein putta inn tufta, lovene, oppdaterte adresselister osv.

Men alt endrar seg ikkje. Kjernen i boka er tips til korleis ein kan driva eit målungdomslag, det har ikkje endra seg so mykje.

Eg har høyrte at lagshandboka skal verta oppdatert via internett, det vert spanande å sjå korleis det går!

Kvifor bør laga lesa boka?

Det står mange gode tips i boka. Om du har vore med ei stund, tenkjer du gjerne at ein del av det som står der, kan verka sjølvsgagt. No når me har denne lags-handboka, slepp alle finna opp alt



Bilete: Ingvild Aursøy Måseide

krutet sjølv. I boka finn du tips om korleis du skal gå fram for å gjera slike praktiske ting som å få inn pengar eller organisera møte. So kan heller laga nytta kreativiteten sin på å tenkja ut artige aksjonar eller kva som skal vera innhaldet på møta. So no vonar eg laga nyttar denne boka.

Kva bør dei gjera når dei får boka i posten?

Alle må lesa henne. Les boka kritisk. Men det er ingen vits å lesa boka utan å nytta kunnskapen til noko, freist å gjennomføra noko

i laget ditt.

Kom med attendemeldingar på boka, både gode og dårlege. Bør noko gjerast annleis? Fekk du nokon gode tips? Skriv inn til Motmæle og/eller sentralstyret.

Det kan vera lurt å halda studiering i laget ditt. Har du ikkje noko lag, kan du få inspirasjon til å skipa eit. Går det litt trått i det laget du alt er med i, kan du få tips om korleis du kan få nytt liv i laget.

INGVILD AURSØY MÅSEIDE

17.-24. september var Norsk Målungdom, som norsk språk- og kulturrørsele, invitert av Europarådet til å ta del på ein internasjonal konferanse i Strasbourg. Konferansen heitte "ROMECO" og handla om situasjonen til romafolket (sigøynarane) i Aust- og Sentral-Europa.

Sigøynarmål

Europarådet definerer tydelegvis Noreg som del av dette. Målet med konferansen var å byggja bruer mellom roma og ikkje-roma i dei forskjellige landa. Det var meininga at det skulle koma ein romarepresentant frå Noreg. Det gjorde det ikkje, og eg var difor einaste nordmann. Det var rundt 20 deltakarar på konferansen. Dei aller fleste austeuropearar. For vår del kom det vel ikkje so mykje konkret ut av konferansen, men me kan seia me er eit steg nærare eit samarbeid med ei gruppe me kan ha interesse av å samarbeida med.

Sigøynarane er den vanlege norske nemninga på eit folk som andre stader vert kalla gypsies, tziganes, gitanos eller andre ting. Sjølv kallar folket seg roma.

Romafolket kom opphavleg frå Nordvest-India. Derifrå reiste dei truleg i det ellefte hundreåret. Dei vandra gjennom Midt-austen til Sørøst-Europa tidleg på 13-hundretalet, og vidare ut over heile Europa dei neste to hundreåra. Til Noreg kom dei truleg kring 1500. Desse har vorte kalla taterar eller fantar. Sidan utvandringa har dei vorte forfølgde, undertrykte, lenka i slaveri og vorte prøvd utrydda. Ingen stader har dei vore velkomne. Under andre verdenskrigen vart truleg so mange som 600.000 drepte av nazistane. Det vil seia mellom 1/2 og 1/3 av alle.

Sigøynarane er kjende for musikk og dans, handverk, for ikkje å vera bufaste, og for å stela det dei kjem over. Når det gjeld det siste, har det vore krasse fordomar som har vore styrande. Ofte har det vore grunnlause skuldingar, og ofte har fordomane vorte sjølvoppfyllande profetiar. Ein vanleg tankegang blant roma i Aust-Europa i dag er: Eg har ikkje pengar til mat, og eg er i alle høve stempla som kriminell. Kvifor skal eg ikkje stela brød?

At dei ikkje er bufaste, er heller ikkje rett. Veldig få har ingen fast tilhaldsstad. Mange lever som vanlege folk, i vanlege samfunn, med eller utan eige språk og eigen kultur. I Aust-Europa bur dei

gjærne i eigne gettoar. Reisande sigøynarar er i hovudsak eit vest-europeisk førkrigsfenomen. Når roma er på vandring, er det oftast ikkje frivillig. Migrasjon må ikkje forvekslast med nomadisme! Det som derimot er vanleg blant mange av roma, er å reisa på lange turar nokre månader i sumarhalvåret. Ein reiser då gjerne til andre land for å treffa fjerne slektningar og andre kjende. Mange campingplassar har sær mange romanigjestar. Og dei kjem ikkje med hest og kjerrel!

Roma er i ein sær vanskeleg økonomisk situasjon. Særleg i Sentral- og Aust-Europa, der dei er mellom dei som har vorte hardest råka av overgangen til marknadsekonomi. Men mange stader i Vest-Europa står det like dårleg til. Mange av dei tradisjonelle yrka til roma har forsvunne med industrialiseringa og urbaniseringa i Europa. Tidlegare livnæra dei seg ofte som skrapsamlarar, gateunderheldarar, sesongbaserte jordbruksarbeidarar, handelsreisande eller på handarbeid. Manglande utdanning og stor analfabetisme er alvorlege problem, på ein stadig meir pressa arbeidsmarknad. I Aust-Europa forsvann dei fleste ufaglærde jobbar med muren. I 1990 kollapsa det kollektive jordbruket, og roma har hatt store problem med å få hand om privatisert jordbruksland. Nokon stader er arbeidsløysa blant roma no oppe i 80-90%. Kriminaliteten er aukande.

SOGA I NOREG

I Noreg i dag skil ein mellom taterar og sigøynarar. For å skilja vil eg kalla dei *romani* og *roma*. Dei som reknar seg til romani-folket, ættar frå ei folkegruppe som kom til Noreg på 1500-talet. Dei er i stor grad integrerte i det norske samfunnet. Mange av

dei snakkar ikkje romani. Sær mange nordmenn har "taterblod" i seg, ofte utan å vita det. Til sigøynarane reknar ein dei av romafolket som har kome til Noreg etter 1900. Språka deira har same opphavet, men dei har sjølv sagt skild seg ein del frå kvarandre dei siste 500 åra. Det har vore strid om språka er to forskjellige, eller om dei er det same. I dag vert dei rekna som dialektar av same språket. I Noreg har romani og roma status som nasjonale minoritetar kvar for seg.



Som alle andre stader har desse folka fått gjennomgå i Noreg. Ein slik politikk som har vorte ført overfor samane, har òg vorte ført andsynes taterar. Alle skal kristnast, og alle skal vera rettelege nordmenn. Dei reisande har vore sedde på som dårlege menneske, ute av stand til å syta for seg sjølve. Dei har vorte forfølgde av staten og av folk på stader dei har kome til. Ungar har vorte tekne frå foreldra og plasserte på strengt disiplinære barneheimar. Mange har vorte utsette for sterilisering og lobotomi.

NASJONAL REISING

Etter 1970 har innvandringa frå land langt vekke auka. Desse nye

kulturane har styresmaktene måtta ta omsyn til, mellom anna i skulesamanheng. Dei siste tretti åra har me sett ei haldningsendring i høve til "folk som er annleis". Etter dette har samane reist seg frå kulturell undertrykking. Etter massiv politisk mobilisering har dei fått status som nasjonal minoritet, og har fått ein viss innverknad på sin eigen kvardag. Vern om samisk kultur har vorte grunnlovsfesta. På nittitalet kom liknande krav frå kvenar og romanifolket. Dette har kome sam-

stundes med liknande nasjonale reisingar elles i Europa. Europarådet arbeider mykje med slike spørsmål, men har ikkje makt til å få gjort det som trengs. Det er i tida å ta vare på og synleggjera kulturelt særpreg. Då RV sat på Stortinget, fremja Erling Folkvord eit framlegg om å gje romanifolket kollektiv oppreising og status som "etnisk minoritet". Det fyrste vart avvist, medan det andre vart oversendt til regjeringa. I 1998 fekk

romanifolket status som nasjonal minoritet og statsråd Ragnhild Queseth Haarstad kom med "en offisiell beklagelse for den uretten som norske myndigheter har gjort mot romanifolket opp gjennom historien".

Norsk Målungdom freistar å sjå norsk nasjonsbygging i samband med andre si. Samstundes kjempar me for rettane til ein språkleg minoritet i Noreg. Slik me ser det har nynorskbrukarar og Romanifolket interesse av å kjempa saman for språklege rettar. Enno har me ikkje noko samarbeid, men kanskje ein gong i framtida.

SIGBJØRN HJELMBREKKE

Marit Tennø studerer filmvitskap på NTNU. Fyrste del av denne artikkelen stod i førre nummer av Motmæle.

Kinodød og prompefilm

Frå 1965 av fram til i dag har norsk film gått gjennom ei stor omveltning. Og no som me har fått vår fyrste Dogmefilm, er ting kanskje på veg opp att. Men bygdekinoen, den er død.

Den førre artikkelen slutta om lag i 1965, samtidig som gullalderen åt norsk film opphøyrd. Kva skjedde så?

Kor mange er det som kan nemne 3 store norske filmar laga etter 1965? *Ni liv*, *Fjols til fjells*, *Støv på hjernen*, *Sønner av Norge* og *Sønner av Norge kjøper bil* er alle laga før 65. Kanskje har ein ikkje sett alle desse filmene, men høyr om dei, det har dei fleste. Henki Kolstad, Aud Schönemann og Arve Oppsahl var skodespelarar som gjekk igjen i dei norske kassasuksessane. Men kva so med filmene etter 65? Filmene vart dystrare og meir samfunnsrefsande. Og slikt vart det ikkje akkurat kassasuksessar av. Det var opprør i Norsk Film A/S, ei gruppe kalla "De 44" kravde at Otto Calmar måtte gå av som produksjonsdirektør i 1964. "De 44" vart snart til 88, og i 66 gjekk kontrakta hans ut.

Ei modernistisk bølge skylte over Europa. Bergman, Truffaut og Godard var inspirasjonskjeldene. Etter Bergman sin film *Tystnaden* i 62 vart organisasjonen "fri Film" starta, filmklubbane vart viktige forum for filmdebattar og den nye leiaren i Norsk Film A/S, Erik Borge, søkte om støtte til fri kunstnerisk kortfilm.

Ingen av filmskaparane frå gullalderen var att, Arne Skouen sette punktum for si karriere i 69 med *An-Magritt* og Edith Calmar i 59 med *Ung flukt*. På 60-talet var filmskaparane unge, rebelske, kunstnariske og personlige. Der var ingen lystspel meir, og der var nesten ingen tilskodarar heller. Det var langt mellom målfolka i rekkjene til norsk film, og det skjedde lite i distrikts-Noreg som hadde med filmproduksjon å gjere. Det som derimot skjedde i distrikta var at kinoen stod i fare, fjernsynet hadde komme og kino-

besøket nådde aldri attende til dei høgdene det hadde på 50-talet.

BRATTVÅG KINO

Far min gjekk ut frå realskolen i 1965 i ei lita bygd på Sunnmøre, bygda heiter Brattvåg og i dei åra far min gjekk på realskolen var det kinoframsyingar to gonger i veka på samfunnshuset i bygda, onsdag og sundag. Sidan timeplanen åt far min gjorde det vanskeleg for han å gå på onsdagsframsyinga, so gjekk han på sundagsframsyinga, kvar sundag, Komediari og westernfilmar frå Amerika er det far min hugsar best, og John Wayne, eg trur nok han framleis er ein av far min sine største heltar, ved sida av James Bond då, for James Bond filmar vart òg synt på Brattvåg Kino. Dr. No til dømes, den fyrste James Bond-filmen som kom i 1962 vart synt i Brattvåg i 1965 og sjølv om filmen hadde blitt synt i Ålesund i 63, so var det fullt hus i Brattvåg i 65. Men på 70-talet vart det slutt på høge besøktal og overskot. So då eg vaks opp i same bygda på Sunnmøre på 80-talet, var det so som so med kinotilbodet. Annankvar sundag kan eg hugse ei stund, drive av entusiastar, utan overskot. Men no er det jamt slutt, so om ein vil på kino i dag må ein til Ålesund.

Det var ikkje berre på bygda at besøktala gjekk nedover, heile landet var ramma, og det som tidlegare hadde vore ei inntektskjelde for kommuna vart ei utgiftskjelde. Dei fleste filminstitusjonane vart omstrukturerte mot slutten av 60-talet og på byrjinga av 70-talet, men kva hjelpte det? Det var nemmleg manuskrutt. Direktøren i Norsk filminstitutt, Jon Stenkløv, skreiv i 1977: "I min formannstid i (spillefilm)produksjonsutvalget hadde jeg som oppgave i løpet av 5 år å lese 200 manuskripter. Mye var bra, noe var godt, men ikke en eneste fikk meg til å hoppe i taket av glede."¹ Mange meiner at denne krisa varte til langt inn på 90-talet, men dei om det. Ein kan seie mykje stygt om filmproduksjonen på 70-talet men *Flåklypa Grand Prix* kom i 1975, og den har eg sett på Brattvåg Kino, på 80-talet.

VEIVISEREN OG ORIONS BELTE

80-talet vert kalla helikopterfilmen si tid i Norsk filmhistorie. Kven har, om ikkje sett, so høyr om *Orions belte*, med verdas tøffaste bergensar i hovudrolla, Helge Jordal. På beste bergensdialekt banna han seg i 1984 gjennom filmen som vart ein stor kinosuksess. Mange forsøkte å kopiere *Orions belte* sin suksess utan særleg hell. Ein ny suksess kom ikkje før i 1987, og då var



Flåklypa Grand Prix kom i 75.

bergensdialekten bytta ut med eit oppdikta nesten-samisk, og der *Orions belte* var basert på ein spaningsroman av Jon Michelet, var *Veiviseren* basert på gamle samiske segner. I ei Hollywood-klassisk forteljarform laga Nils Gaup ein spanande film frå eit eksotisk miljø. So bra gjorde Nils Gaup det at han vart Oscar-nominert. Om ein ser på suksessen *Veiviseren* hadde, må det kunne seiast at den i tematikk er ganske eineståande i norsk film. Andre filmar som kanskje ikkje var fullt så banebrytande på 80-talet, men likefullt vert hugsa er *Plastposen* med Jon Skolmen, der Skolmen sin tur ut med bossen får dramatiske konsekvensar og Wam og Vennerød sin *Bryllupsfesten*, med ingrediensar som: fulle folk, heller uheldige konsekvensar av ertesuppeeting, fulle folk og spying.

FILMATISERING

En håndfull tid vert av mange rekna for å vere ein av dei beste norske filmene nokon gong. Den kom i 1989 og 100 000 såg filmen då den gjekk på kino, dette er rekna som særst bra for ein "seriøs" film. Det er likevel filmatiseringane av kjende romanar me hugsar best frå 90-talet: *Døden på Oslo S*, *Herman*, *Giftige løgner*, *Kvitbjørn Kong Valemon*, *Pan*, *Telegrafisten* (basert på Ham-sun sin *Sværmere*) og sjølvsgatt *Kristin Lavransdatter*. Den kom i 1995 og vart den nest mest besøkte filmen i 1995, ein må attende til *Flåklypa Grand Prix* for å finne ein film som overgjeng *Kristin Lavransdatter*.

No derimot er me over i eit nytt årtusen. Og med det har me mellom anna fått *Detektor*, som eg tala om i førre nummer, den fyrste norske filmen som tek den urbane dialekttrøynda på alvor. Me fekk òg *De 7 dødssyndene*, ein film som rett nok ikkje tek dialekttrøynda på alvor, men som likevel lovar bra for norsk film. Fleire norske regissørar vel dessverre å lage filmene sine på engelsk, det siste dømet på det er Hans Petter Moland sin *Aberdeen*, og om det skal verte trenden so fer kanskje dei mest

pessimistiske av oss rett i at vi om 100 år talar engelsk alle saman. Eg såg min siste film på Brattvåg Kino i 1995. Me var om lag 10 stk. til saman som hadde teke turen opp på Samfunnshuset for å pine oss gjennom 134 minutt på grusomme plaststolar for å sjå *Legend of the Fall*. Hadde eg visst på førehand kor dårleg filmen var, hadde eg aldri gått, so noko verdig avslutting på mitt forhold til Brattvåg Kino vart det ikkje. I salen der eg debuterte som kinogjengar som svært lita saman med mor mi på *Reisen til Julestjernen*. Det var andre tider, det!

MARIT AAKRE TENNØ

Fotnote:

1: Kjeld: Hanche, Iversen og Aas: Bedre enn sitt rykte, en liten norsk filmhistorie. Norsk filminstitutt 1997.

Platemeldingar

TUNGTVANN REINSPIKKA HIP-HOP/ NORD OG NED



Tungtvann er dei einaste frå Nord-Noreg (eller nord for Sinsenkryset) som ræppar på dialekt på Petre. Til no har dei gjeve ut to plater; ein EP «Reinspikka hip-hop» - som inneheld tre låtar, og CDen «Nord og ned». Det er særleg låta «Ubudne gjæsta» som dei har vorte kjende for, og ho finn du på begge platene. Utanpå EP'en har dei klistra ei åtvaring for dei med sarte øyre. Og det gjer dei nok rett i, for folk som ikkje liker å høyre om bannskap frå nord, om heimebrent og om midnattsol, må passe seg for Jørg-1 og Poppa Lars.

Kva er det så dei ræppar om? Dei ræppar om at dei kjem frå plassar langt frå Oslo, kor det ikkje finst kebab eller trikkar, men kor det likevel er mogleg å drive med hip-hop. Tungtvann lagar ikkje musikk som primært er til for hitlistene, og eg trur dei ønskjer å seie noko om byrgskap. Dei seier at ein må vere stolt over kven ein er og kor ein kjem frå. I tillegg gjev dei anna bilete av nordlendingar enn det Oluf gjer.

Den nye plata «Nord og ned» kom ut i haust. Det er ei plate med tretten låtar, kor Tungtvann eksperimenterer med klipp frå filmar og frå radioprogram mellom spora, noko som gjer at plata vert morosam å høyre på. Lyttaren vil oppdage nye element heile tida, og ho er veileigna å høyre på i romjula - anten du er nordlending eller søring.

EVA MARIE MATHISEN

ENSLAVED MARDRAUM

Den nye utgjevingi til Enslaved syner gruppa frå ei ny sida. Det er framleis lett å høyra at det er Enslaved som spelar, men både musikken og lyd-biletet hev henta mykje inspirasjon frå syttitalet. Ein kan høyra påverknad frå både progrock og god, gamal Black Sabbath (serleg på tridjesporet). Den seige, tunge stilen fungerer godt, og sjølv om eg tykkjer lyd-biletet var betre på «Blodhemn», so er «Mardraum» den beste plata til gruppa. Alt tyder difor på at Enslaved kjem til å skaffa seg mange nye tilhengjarar med denne plata. Ein platemeldar i det tyske bladet Rock Hard skreiv forresten at han meinte denne plata var den nest beste svartmetall-plata so langt i år, berre slegi av «Damned in Black» av Immortal (som til liks med Enslaved er frå Vestlandet). Med andre ord: Vestlandsfanden slær til att.

ARILD TORVUND OLSEN

SKYCLAD FOLKÉMON



Eg hev havt mykje gleder av den førre utgjevingi til Skyclad, og eg venta meg difor mykje av «Folkémon». Og det er berre å slå fast at gruppa nok ein gong leverer varene. God, britisk folk-rock med bitande tekstar hev etter kvart vorte kjennemerket til Skyclad, og det er ein stil dei meistrar heilt ut til fingerspissane. Når me i tillegg fær servert meisterlege ordspel («Think back and lie of England»), Pokémon-parodiar på umslaget og fantastiske son-

gar som «The Disenchanted Forest» so kan det ikkje verta stort betre.

ARILD TORVUND OLSEN

HANS ROTMO BØNDER I SOLNEDGANG



Dette er musikken frå teaterstykket «Bønder i solnedgang». Som gamal Vømmøl-tilhengjar hadde eg gledd meg til den nye Rotmo-plata. Diverre vart eg skuffa. Tekstane minner om surt oppgulp frå ein gamal og bitter mann. Ser me på dei tidlegare platene hans finn me optimisme og livsmot, på denne siste plata høyrer me at han har gjeve opp. Bodskapen hans er at norsk landbrukspolitikk dei siste 20-30 åra har vore feilslått, og at det no er det for seint å gjera noko med det. For å streke under poenget sitt sluttar Rotmo med orda: «Alt går i dass».


Rotmo spelar på fordommar mot bønder og bygda. Tidlegare har me ledd med bøndene, denne gongen trekk me heller so vidt på smilebanda, og sit att med ein vond smak i munnen. Dei poenga han har, druknar i desillusjonert bondehets.

Me finn godbitar, det er berre det at det er so langt mellom dei. Berre 4 av dei 13 songane held mål musikalsk. Rotmo har tidlegare hatt noko å fortelja med songane sine, men denne gongen er det få songar med innhald.

Bygdefolket på plata talar brei dialekt, medan skildringane utanfrå er på bokmål eller fintrøndsk. Avstanden mellom bygda og han som har skriva tekstane er tydeleg. Rotmo har lagt ned småbruket sitt, både fysisk og mentalt.

INGVILD AURSØY MÅSEIDE

FOLK OG RØVERE IT'S A BABY, BABY I LUV YOU THING



Folk og Røvere har eksistert ei stund no. «It's a Baby, Baby I Luv You Thing» lever opp til standarden dei sette med den førre plata; kausisk soda. Klisjeen «vellyd for øyro» er dekkjande her. Lydbiletet har noko av det same kjenslevare som me kjenner frå Massive Attack som jo òg er gruppa sitt fremste førebilete. Denne gongen har Ulph fått med seg ny vokalist. Anita Valderhaug syng på brei sunnmørsdialekt, og det fungerer svært så bra. Tekstane er likevel kanskje det veikaste punktet på cden. Det blir litt vel kvardagsleg når refrenget er «det er bare sex dager til du kommer hjem». Likevel; har du sansen for denne musikkforma, er dette verd å lytta til.

HALVARD D. LÆGREID

HERBORG KRÅKEVIK KRÅKEVIKS SONGBOK

«...eg trur at dei som har med seg ei arv skjønar meir av samtida si enn andre», skriv Herborg Kråkevik i umslaget til Kråkeviks songbok. Difor hev ho no gjeve ut ei plata med mykje av det beste frå den musikalske arven vår. Saman med Trondheimsolistene og pianisten Helge Lillevedt hev ho spela inn sterke og gripande versjonar av songar som *Den fyrste song*, *Sumaratta* og *Den dag kjem aldri*. Denne plata er ein klassikar alle burde hava i samlingi si, og ho vert nok å finna under mange jøletre i år.

ARILD TORVUND OLSEN

STORE SLAG I MÅL- KRIGEN

DEL 16

JENS@JETFLY.COM

ÅRET ER SNART OVER MEN
VÅRE TAPRE KRIGARAR LÛT
IKKJE TIDA GÅ IFRÅ SEG

NO ER EG GLAD EG TOK
DET JOIKKEKURSET PÅ SUMARLEIREN



21000 ELEVAR REGNA
VEKK I EIN AKSJON FOR
NYNORSK PROGRAMVARE



PÅ SKULEMÅLSKONFERANSEN
KOM DET FRAM AT:
1) GAUTE HVOSLEV KVALNES
(!!) ER EIN KLÛP-
PAR

2) MICROSOFT ER FOR-
NERMA

3) GOLF ER MORO



NETT SOM I LEVI'S REKLA-
MEN BRUKAR NMU RASTA-
SVEIS FOR Å VERVA FOLK (13)

DET MEST EFFEKTIVE (32)
HAR LIKEVEL TIL NO VORE
EIT HEILNORSK OPPSYN


DEN AVTROPPANDE MOTMÆ-
LE STYRAREN HAR VERVA TO



MÅLSAK, SAMHALD, KVINNS!



BERRE 50 KRONER KOMPIS?



Målungdom med blick mot verda

I Januar set eg meg på eit svært passasjerfly: Kvar går so flyet? Flyet går til Zwaziland. Eit lite land er det. Zwaziland ligg aust i Afrika, og langt sør. Det vesle landet ligg midt mellom Sør-Afrika og Mozambique.

Eg skal bu i Zwaziland i to år. Litt fordi eg vil oppleva eit eventyr. Hovudgrunnen er likevel at eg skal gå på United World College (Sameint verdsgymnas).

Til dette gymnaset kjem det kvart år elevar frå heile kloden for å studera, bu (me bur på skulen), eta, ta del i forskjellige aktivitetar og gjera humanitært arbeid saman. Det kjem flest afrikanarar, dette fordi skulen held til i Afrika. Noreg sender kvart år to elevar til denne UWC-skulen.

Dei siste tre åra har minst tre av dei seks norske elevane vore målungdommar! Året som kjem, vert ei jente som ikkje er målungdom, og eg dei nye norske representantane. Det vil seia at halvparten av dei norske elevane som dei siste fire åra har vorte plukka ut (av den norske nasjonalkomiteen) til å gå på denne skulen, er målungdommar!

Det kan sjølvstøtt vera tilfeldig, men heilt tilfeldig trur eg ikkje det er. Dette kjem eg inn på seinare, fyrst lyt eg forklara kva UWC-rørsla eigentleg er:

UWC-rørsla vart skipa i 1862. Då kom den fyrste UWC-skulen i drift. Denne skulen er i Wales. Sidan den gongen har det kome UWC-skular i desse landa: Zwaziland, India, Hong Kong, Singapore, USA, Canada, Italia og Noreg (Flekke i Sogn og Fjordane fylke). Kanskje har de sett TV-serien Flekke United på NRK1? Serien freista å skildra livet på UWC-skulen i Flekke, samt skildra livet til fem heilt tilfellelege elevar.

UWC-skulane tek inn elevar frå heile verda. Kvar UWC har 200 elevar. I alt er det elevar frå om lag 160 ulike land som er spreidde utover desse ni sameinte gymnasa. (Noreg sender to elevar til kvar skule, med unntak av dei i Flekke og Wales. Til desse skulane sender nasjonalkomiteen høvesvis 10 og 12 elevar.)

FILOSOFIEN BAK UWC

Elevane som går på UWC har alle ulike bakgrunn. Nesten samtlege har ulike nasjonalitet, mange kjem òg frå heilt forskjellige kulturar, livssyn og andre samfunnsmessige kår. Somme elevar kjem òg frå land som er i krig. Me skal lesa, verta kjende med kvarandre og forstå kvarandre. Elevane bur fem på kvart rom, med kvar si seng og kvar sin lesepuke. Det er reine gute- og jenterom.

Eit UWC skal vera ei miniatyrverd, skapa internasjonal forståing, elevar frå motstridande land og kulturar vert kjende med kvarandre og vener. Nærast som ei lita paradysverd utan krig, der alle er på lag og alle samarbeider.

Eit av slagorda til UWC er: "Korleis kan det verta fred i verda når me ikkje skjønar kvarandre? Og korleis kan me skjønna kvarandre når me ikkje kjenner kvarandre?" Me skal altså verta kjende, forstå kvarandre, og sidan vera med på å skapa fred i verda. Gjennom internasjonal utdanning, erfaring og samfunnsteste skal også elevane verta ansvarlege borgarar, politisk og miljømedvitne.

Eit svært viktig poeng bak UWC er at det ikkje skal vera mogeleg å betala seg inn. Ein bør

søkja å verta plukka ut av den respektive nasjonalkomiteen som høyrer til same land som søkeren. Dei som vert valde ut, får so delt ut stipend som skal dekkja skulepengane (skulegong, mat og opphald). På den måten skulle ikkje dei rike få nokon fordel, eller dei fattige få nokon bakdel, heldigvis. (I rike land som til dømes Noreg må elevane likevel betala litt av skulepengane sjølve. Stipendet strekk ikkje til.)

DET AKADEMISKE PROGRAMMET PÅ UWC

Me har eit internasjonalt akademisk program som me fylgjer, IB. IB svarar til 2. og 3. klasse på norsk vidaregåande skule. Me vel seks fag, eit frå kvar faggruppe. (Det er seks faggrupper.)

Faggruppene:

Morsmål: Alle elevar kan ha sitt eige morsmål som fag. Dette vert sjølvstudium. Eg skal m.a. setja meg inn i Tarjei Vesoas sin litteratur.

Andre Språk: Dette vert engelsk for dei som ikkje har engelsk som morsmål.

Attåt gjennomføring av desse seks faga som alle går over to år, skal me òg skriva eit "extended essay". Dette vert som å skriva eit særmenne, der me kan skriva

om nett kva me ynskjer, so lenge som det let seg gjera å vinkla emnet innanfor eit av dei seks faga me har valt.

Det høyrer også med til IB-programmet at elevane skal driva humanitært arbeid på den staden dei studerer. I Zwaziland går mykje av det humanitære arbeidet ut på å spissa informasjon om HIV-viruset. Elevane sett mellom anna opp teaterstykket der dei syner korleis ein vert smitta, og kva ein må gjera for å unngå å verta smitta. Førstillingane vert då synt fram i ungdomsskulane.

Kva kan ein gjera når ein har avslutta IB og UWC? Etter at ein er ferdig med IB, er det mogleg å byrja på universitetet. Ein tevlar om universitetsplassar på grunnlag av dei karakterane som kjem på vitnemålet.

KVA KAN EIN SØKJA PÅ?

Dei som skal søkja, må gå i 1. klasse på vidaregåande skule, anten på ålmenne fag, musikk, dans, drama, eller idrettsfag.

Dei som skal søkja i år, må ikkje vera fødte før 84. (Skulle dei vera eit år eldre er det svært vanskeleg å koma inn.)

Sjansen til å søkja UWC, får me berre ein gong, so det gjeld å nytta dette eine høvet. Søknadsfristen er 15. februar. Søknadsskjema skal rådgjeveren på alle vidaregåande skular ha. Søknaden er omfattande, det skal vera lurt å byrja med ein einaste gong. Læraren skal skriva om dykk i søknaden.

Dersom ein søker UWC, søker ein på alle dei ni UWC-skulane samstundes.

KVA VERT DET LAGT VEKT PÅ?

Karakterane er slett ikkje det einaste som tel. Det er likevel naudsynt med karakterar godt over snittet for å koma opp til vurdering. Dette fordi eit hardt akademisk program ventar på UWC med undervisning på engelsk.

Elles er det berre det inntrykket de gjer av dykk sjølve gjennom søknad og intervju som vert avgjerande.

SNORRE SANDEMOSE



Snorre Sandemose – ein av mange målungdomar i Zwaziland.

I byttor og spann

Når regnet hyljar ned i stride strau-
mar mest utan ende, er det helst
andre emne som renn i hugen enn
målreinsing. Endå målet kann vera
utvatna, gjeng du helst tursskodd
på målvegen, og imot flauken av
lånord er det lettare å finna livd
enn når det røynelege vatnet stig
til fårefulle høgder. Men lat oss
no like vel setja av ei liti øykt til
målrokt i desse regntunge tidene
med.

HO OG HAN VIK UN DAN FOR DEN

Ein ny tilhug i målet som hev
spreidt seg som eld i turt gras, er
det å skriva "den" for "ho" eller
"han" i nynorsk. Underleg er det
av di det evlaust er "ho" og "han"
som best samsvarar med namn-
ord. Når namnordi i norsk kann
byttast i tri kyn, høver det som hand
i hanske å fylla opp med like
mange personlege varaord
(pronomen). "Kvar er
boki? - Ho stend i
hylla." "Eg fann
kamben din i går.
Han låg på gol-
vet bak sengi."
No skriv fleire
og fleire "den":
"Eg har høyr
gjete saka før.
Den er svært
vanskeleg." Denne
gjerdi å skriva det på
minner um bokmålet, og
som kjent er det ikkje like
endefram å nytta tri kyn der. "Den"
tyder på at bokmålet hev ervt
samkynt frå modermålet sitt,
dansk. Di verre vert jamvel
norskt talemål påverka i same
leidi no. Det er vanlegt å høyra
sovrone utsegner: "Eg gløymde
boka i dag, men eg skal ta' med 'n
i morgon." På Austlandet vert
hokynsformer som "anna",
"eig)a", "inga" trengde undan for
"a'en", "egen" og "ingen", so det
er synbert at grammatikalsk hokyn
vert tynt. Det same gjeld òg i ein
viss mun hokyns-kjenneordet "ei"
(som i "ei bygd") og lagordet
(adjektivet) "lita". Trikyssystemet
er ein berebjelke i det norske mål-
reiserket, so målet toler snaudt
at denne bjelken røtnar opp. Her
må alle med sans og medvit
retteleida til å nytta gamal og inn-
arbeidd segjemåte. Elles må me
leggja attåt at "den" kann vera
påpeikande varaord. Her er det
like so gjævt å skriva det fullt ut:

"Den osfen vil eg ha/Den songen
vil eg høyr!"

Å VERA INNEHAVAR AV EIT NAMN

Mange samansette gjerningsord
skaper lett keivelegt mål i nynor-
sken. Tak til dømes ei setning som
kunde få nakkehåri til å reisa seg
på ein stakkar: "Det er mange
personar som innehar desse
namna". So på lag lydte det, og
me tykte det smaka mykje av
kræmarmål. For me hev fulla høyt
um "innehavere av butikker", men
ordlaget å "inneha" eit namn,
skurrar i øyro. Du kann hava eit
namn, bera det, eller du heiter eit
eller anna. Gjerningsord med
fyrefestet "inne-" er sjeldsynte i
nynorsk, med god grunn. Dei gjev
ikkje so skapleg meining i seg

kunde me alt ut ifrå saman-
setnaden finna avløysingsord som
gjer um lag same nytta. "I mjølki
finst desse næringsemni: ...", og
um det er ei kunstig vara me hev
fyre oss, t.d. mineralvatn, kunde
me segja "Brusen er tilsett/er laga
av desse tilsettjingsemni: ...". Her
spyrst det mest på kor fastlæst skrivi-
varen er i bokmåls-ordlag og um
han evlar riva seg laus og gjeva
setningane sine ein eigen svip.
Ordlaget "bestå av" kann etter
det sume tykkjer, vera rådløst å
styra utanum, og dersom noko
med gagn i skulde setjast i sta-
den, triv dei til det litt um-
stendelege "er samansett av". Her
lyt me skjera yver dei bandi som
klumpar til for målet. Det fyrste
dømet vårt er: Styret har bestått
av Gerd, Harald og Turid. Skriv
heller: Årsmøtet 1999 valde
Gerd, Harald og Turid til styre.

Eller: Gerd, Harald og Turid
heve sete i styret i
arbeidsbolken. Eit anna
døme: Bronse be-
står av kopar
og tin. Skriv
heller: Bronse
vert/er laga av
kopar og tin.
Av smelta ko-
par og tin la-
gar dei bronse.



SJØLV OG SELV

sjølve og
vitnar um noko låk arv frå dansk
og lågtysk. I staden for "innehav-
var" kann me tala um ein *butikk-
eigar*, eller *krambudeigar* um me
vil, og når ei hending "inneber"
eitkvart, kann det høva betre å
skriva "dreg med seg/fører med
seg (til)" m.m. Noko av den same
vansken melder seg når me røder
um mjølk som "inneheld" eit og
anna næringsemne som me tarv,
og so granskar "innhaldslista" på
mjølkepakka. Her er det auvsynt
skort på samsvar millom namn-
ord (innhald) og gjerningsord
(innehalda), som målfolk tidleg
uppedaga. Difor finn me gamle
nynorskbocker der det stend
"lhald" eller "sakatal". Desse nem-
ningane greidde ikkje slå rot, men
me kunde sakte tenkt oss ei
yverskrift som "Bokyversyn", el-
ler "Yversyn yver bolkanen i boki".
Når det gjeld gjerningsordet,

Lenger framme tok me fyre
oss bruket av sume varaord i ny-
norsk. Eit anna varaord som spe-
glar innverknaden frå bokmål i ny-
norsken, er sjølv. Dette ordet ver-
kar stundom understrekande (ho
gjorde det sjølv), og soleis hev
me inkje motlegg imot det. Deri-
mot riv det litt i øyro når "sjølv"
vert nytta i rein bokmålsk etter-
apingsstil: "Vatnet var so varmt at
sjølv eg som er ei pysa, fekk hug
til å lauga meg." Her er det likast
å skriva *jamvel* eller *endåtil*;
denne gongen er ikkje under-
strekning det viktugaste, men at pysa,
som til vanleg held seg undan
badelivet, vert lokka uti. Eit anna
høve der "sjølv" dukkar opp i strid
med gamal målhævd, knyter seg
til bindeordi, dei som innleider
undersetningar. "Sjølv om" er i
dag eit sers utbreidd ordlag, ei rak
umsetjing frå bokmål "selv om" ...
So einfelt kann me gjera det i ny-
norsk, men det ber mest bod um

hastverk og målunderlag henta
frå bokmålet. Me kann heller
skriva "endå (um)" eller *jamvel*
um, det er sereigne ord som berre
me kann halda uppe. Draghjelp
frå norsk-dansken ventar me i
dette stykkjet fåfengt på. I same
leidi ligg beinveges umsette ord
som "sjølvsgagt" og "det segjer
seg sjølv"... Desse vendingane
hev òg bunde seg fast til målet.
Eldre i målet er visst og visseleg:
"Tingar du bladet? - Visst gjer eg
det (no ofte: *Sjølvsgagt* gjer eg
det.)" Kann henda ikkje rare grei-
done å hefta seg ved, men me
kann godt koma i hug korleis dei
målbør slikt fyrr - og fekk fram
meiningi si like næmt.

KVA ER BEHAGELIG?

I gamle dagar, då du jamt kom
fram trygt og heilskinna med NSB
- og til rett tid, vart me ferdafolket
helsa av røysti i høgatalaren som
ynskte oss "en behagelig reise".
Innimillom hev eg grunda litt på
kva dei lagde i "behagelig". Etter
dei innførde plastsæte som er
nagla fast til golvet i vognene, sit
du so hardt at sæti ikkje godt kann
kallast mjuke ("behagelige").
Matilbodet dei freistar med når
dei svinsar upp og ned mid-
gangen, smakar sjeldan serleg
godt ("behagelig"), og utsyni frå
tog-vindauga, som stort sèt er
merkt av sundsprengde fjellveg-
ger og rotute steingrefter, er ikkje
kveikjande ("behagelig"). Um me
nokon gong fekk gjennomslag for
nynorskt jarnvegsmål, er eg difor
ikkje fullviss på um me kunde ha
ynskt farande folk "ei triveleg og
trygg togferd med NSB", men gjev
det var so!

DEN STORE GIDDELØYSA

Sistpå skal me snerta innum eit
ord som på sett og vis røkar godt
synet mange nordmänner hev på
målsaki: "Giddeløyse." Dette ord-
det er ei snål samanlapping av det
pæredanske "gidde" og det kav-
norske "løyse". Um du ikkje "gid-
der" noko, so er det eitkvart du
ikkje *idest* eller *orkar*. Roti *id* kjen-
ner me frå fyrr; ho finn me òg i
idrott eller *idrott*... Eit døme på
korleis me kann draga nytta av det:
Han *iddest* ikkje læra seg nynorsk
(av rein *giddeløyse lærte* han seg
ikkje nynorsk).

HÅVARD TANGEN

Joletevling

1:Kven skapte uttrykket ” djupt såra og vonbråten”?

2:Kva står AFSRIS for?

3:Kva heitte norsk målungdom då dei vart skipa i 1961?

4:Når kom det første frimerket med landsnamnet Noreg på?

5:Kva radioprogram er Are Kalvø programleiar for ein gong i veka?

6:Kven var programleiarar for Eurosong 1996?

7:I kva blad er Smørbukk fast inventar?

8:Kva er namnet på den tjekkiske forfattaren som skreiv om den vesle tigeren og den vesle bjørnen som har blitt sers populære i Noreg både gjennom bøker og barne- TV?

9:Kven fekk Noregs Mållag sin målpris i år?

10:Kven sytte til slutt for at Vålerenga rykte ned til fyrstedivisjon?

Send svara til

Motmæle, Norsk Målungdom,

Øvre Slottsgate 5, 0157 OSLO

eller på e-post: bladstyret@studorg.uio.no

Merk konvolutten/e-brevet med «joletevling»!

Hugs å skriva namnet ditt på svaret!

Desse vann tevlinga i førre nummer:

Siv Tanja Ågedal, Bård Sandemose og Magnus Thunes Jensen.

Endå ein gong har me teke ein tur i arkivet og funne fram utdrag frå gamle medlemsblad. Denne gongen ser me på kva dei skreiv om i Eg, Folkemål og Apropos for 5, 10, 20 og 30 år sidan.

GAMALT OG GODT?

FOR 30 ÅR SIDAN – APROPOS NR. 4/5 (1970)

Or leidarteigen:
"By og land – hand i hand?"
Opphavleg var byane og landsbygda berarar av ulike kulturtradisjonar. Kvart norsk skulebarn har høyrte om skiljet mellom Embetsmannskultur og Bondekultur. Kven av formene som hadde det politiske maktapparatet i ryggen, treng ingen vere i tvil om. Skiljet mellom by og land er ikkje utvilska i dag, og kan heller ikkje bli det. Ulikskapane i historisk bakgrunn kjem i tillegg til ein ulik næringsstruktur og dei følgjende den har for busettingsmønster og sosiale tilhøve."

Ola Svein Stugu

Or "Språklege minoritetar i Europa" av Lars Jørgen Vik:
"Andre problem som mange minoritetsgrupper har sams, er av skolemessig art. Læreboksituasjonen er ofte håplaus fordi det kan vere vanskelig med kvalifiserte forfattarar innanfor vedkomande språkgruppe. Omsetjing av bøker frå majoritetsspråket er heller ikkje ei god løysing fordi desse som regel avspeglar kulturelle og sosiale tilhøve som er frammande for minoritetsgruppa. Mange språkminoritetar har kjempa og kjempar framleis mot nasjonale styresmakter for at barna skal kunne bli undervist i og på sitt eige morsmål."

FOR 20 ÅR SIDAN – FOLKEMÅL NR. 6 (1980)

Or bladstyreteigen "Målstrid – både godt og gale":
"Så lenge det finst språkundertrykking, vil det òg vere språkstrid. Ein språkstrid er såleis både eit godt og eit dårleg teikn: Godt fordi det syner at folkeslag og folkegrupper krev retten til å bruke sitt eige mål. Eit dårleg teikn fordi det syner at så mange enno ikkje

kan bruke målet sitt fritt. EIN påstand har riksmålsfolk og likesinna rett i: Her i landet skulle vi i prinsippet ikkje trengje å ha språkstrid. DEI meiner riksmål/bokmål er godt nok for oss alle. – Men VI målfolk må peike på at vi har eit skriftspråk som heile den norskstalende delen av folket burde samle seg om: nynorsken."

Magnus Helge Torvanger

Or utspurnad med Lars Ullgren, stridsmann for värmlandsdialektane: "– Värmlandsmålet må bli skriftmål for å overleve" av Magnus Helge Torvanger:

Svensk språkundertrykking
Det har vore svært om å gjere for dei svenske styresmaktene å smelte saman dei ulike folka innanfor grensene til landet. Og svenske styresmakter har vore svært flinke til å la vere å tenke på at folk har hatt ulike mål. Språkundertrykkinga i Sverige har i veldig liten grad vore festa til papiert. Men Sverige var det første landet i verda som vedtok at det skal brukast rikstalemål i den høgre skulen, den lova kom i 1649."

FOR 10 ÅR SIDAN – EG NR. 5/6 (1990).

Or leidarteigen:
"Norsk målreising mot EF
Sams EF-språk er ikkje vedteke – til det er nokre av dei gamle imperialistnasjonale (England, Frankrike og Tyskland) for sterke. Men på sikt er det klart at språkleg mangfald i lengda vert eit hinder mot den "frie flyten" som er fyrste bodet i marknaden. Nasjonale og regionale variasjonar og sermerke er stutt sagt lite rasjonelle, og bør helst homogeniserast – jamnast ut. So lenge EF byggjer på Romatraktaten er detta varige innvendingar mot å gå inn i EF – på nynorsk grunnlag."

Bård Eskeland

Or "Målføra og målreisinga" av Oddmund L. Hoel:
"Målrørsla mista all kritisk sans til målføra på 70-talet. Sidan dette var "grunnlaget" vårt, var det ikkje mogleg å kritisera det. Alle endringar i mål-

føra var pr. definisjon "naturlege" anten dei var eit resultat av engelsk reklame, tynning frå bokmålet eller forenklingar i systemet som skjer i alle mål. Nynorsken skulle ikkje lenger vera ei nylaging av det norske målet, men ein spegel av alt talemål som av ein eller annan grunn har kome til landet."

FOR 5 ÅR SIDAN – EG NR. 5 (1995)

Or leidarteigen:
"Tid for dynamitt!"
Det er ideane frå Aasen om demokratisering av skriftspråket me skal lyfta i høgsetet til neste år. I 1996 er det 100 år sidan Ivar Aasen døydde, og det arbeidet denne fantastiske fyren gjorde på 1800-talet har fått store konsekvensar for ettertida. Ikkje berre har me ein heilnorsk skrifttradisjon, me ber òg med oss arven om desse store tankane om at det målet folk flest talar, er eit godt nok språk – som grunnlag for eit skriftmål òg. I 1996 som i 1896 tyder det i praksis ein hard og seig kamp mot eit overveldande bokmål (dansk).

Trond Sæbo

Or "Kvifor skriva nynorsk?" av Magnus Bernhardsen:

"Sjølvså har eg alltid freista skilja meg frå folk på vestkanten ved talemålet mitt. Skal eg so skriva slik som dei pratar? Nei, eg vil då ikkje vera so inkonsekvang. Eg vil i staden skriva eit mål som ikkje kan eigast av nokon klasse, region eller andre, men som me nordmenn eig saman."



Folkemål nr. 6 frå 1980 tok mellom anna opp kampen for värmlandsmålet.

Humorsida

Argument mot nynorsk

Norsk Målungdom vert ofte skulda for ikkje å ta omsyn til motstandarane, og for å vera for ein-sidede. Me vil difor sleppa til forfattaren M. Sylten, som nytta krigsåra til å skriva "Nordisk sprogutvikling i forhold til rase". Han argumenterer knallhardt mot nynorsk, og eg trur han gjev oss alle noko å tenkja på.

SAMBAND MELLOM NORSK OG EUROPEISK MÅLSTRID:

"Det franske sprog er jo også en vulgarisert avlegger av latinen og er ikkje uttrykk for noe "folke"-sprog. De forskjellige raseelementer innen det franske folk har sine særskilte dialekter og især den bretonske dialekt har interesse for oss. I følge professor Holmboes "Norsk og Keltisk" er det et uhyre stort felles ordforråd i bretonsk dialekt og oldnorsk/landsmål. Akkurat som målstriden blev reist her i landet fordre nu bretonerne at lære som andsettes der skal kunne bretonsk dialekt. Bretonerne er kortskaller og de fører alltid sprogkamp."

OM SAMBANDET MELLOM SPRÅK OG RELIGION

"Luthers reformasjon var jo en nordisk reinsning mot middelhavs-kulturen og avedømmet som maktfaktor. Den religiøse reinsning lyktes jo; de land som overhodet befolkes av nordisk rase blev også protestantisk. Men at også sproget var et meget viktig arvegods var vel verken Luther eller hans venner oppmerksom på. Det er alpinene og andre krysningsraser

i Syd-Tyskland som med sitt splittede sinn lettest vinnes for katolisismen, befolker klostertskolene og derved får makten over sprogets utforming. Martin Luther selv hadde fått sin utdannelse i en sånn klostertskole og derfor blev det nordiske nedersaksisk slettet ut av de levende sprogs reker i Europa"

OLDNORSK?

"Som antydnet er oldnorsk uten tvil et kunstsprog laget av irsk-katolske munker, til dels bygget på stenalderfolkenes primitive sprogbruk som også går igjen i all de rare ordene som graves frem."

"HVORFOR KJØNN I SPROGENE?"

"Jo mer en arbeider med sproget, jo klarere gjør den erkjennelse sig gjeldende at sprogets mest primitive arvegods er kjønnsdelingen. For huleboerne og ørkenbeduinene var driftslivet og dets verden sinnets roterende kraft hvorom alt dreiet sig. [...] denne kamp måtte mann og kvinne også stå skulder til skulder, derfor kom den nordiske kvinne også til å stå på samme sosiale trin som mannen gjennom alle livets stadier. [...] Disse adelsmenneskers forhold til seksualitet, kjønn og forplantning vil psykologisk sett bli abstrakt – det er helt utenkelig at de ting som hos dem kom til å influere på sproget i den grad at alt mulig blev vurdert efter kjønn."

No undrar de sikkert på kvar hen herr Sylten kan grunnge desse sitata? Vel, de treng ikkje leita lenge. Les berre: "I slutten av 20-årene da kritikklose sprogforbedrere tok sprogsaken i sin politiske tjeneste, slo det mig hvor lite vi i det brede lag visste om sproget, og jeg begynte å lese all overkommelig sproglitteratur som svensk, dansk, tysk, engelsk,

amerikansk og selvfølgelig også norsk. Da det kun var for å tilfredsstille min egen trang til viden, noterte jeg dessverre ikke disse kilderne med hensyn til en eventuelt fremtidig bruk. Nu å finne tilbake bak til de små trekk som ofte

belyser saken er ikkje engang mulig, da noen av de verker jeg først leste dessverre ikke har vært å oppdrive."

Dette var berre nokre fåe utdrag av denne boka. Vil de ha meir? Meld frå!



Ein typisk kortskalla nynorskbrukar som driv språkkamp?

BLADET FOR I-MÅL OG KLASSISK NYNORSK

Westmannen

Vestmannen kjem med 10 nummer i året og held i hevd det varsamt justerte Aasen-målet med dei grunnformene som målet hadde so lenge det var i trygg og jamn framgang. Vestmannen ynskjer jamstelt i-mål og a-mål.

Vestmannen hev millom anna diktarlege innslag, meiningsinnkast, opplysingstilfang og meldingar og utgreidingar serleg um mål, bøker, saga og frå dagnært ordskifte.

Vestmannen er bladet for medvitne målfolk.

Årspris kr 150,- Studentpris kr 100,-
Prøvenummer fritt.

Vestmannen, 6143 FISKÅBYGD
Postgirokonto 0802 4256392

NORSK MÅLUNGDOM

gjer det kjent at Landsmøtet 2001
vert halde 16. til 18. mars i Bryne

Frist for framlegg til brigde av tufta og lovene er 2. februar

MOT TIL Å MEINA!



Kom på "2001 ein Garborgodyssé" 10. og 11. februar 2001. Studentkonferansen som gjev deg innsyn i den handlande Garborg i ei omskifteleg tid og som knyter han til det dagsaktuelle!

2001 – ein Garborgodyssé

Tid: 10. og 12. februar

Stad: Helga Engs Hus, Blindern

2001 er Garborg-år. Året kjem til å vera stappa med Garborg-tilspyingar som tek Arne Garborg fram i ljuset på ulike vis. Nokon skal laga anarkistkveld der ungdom skal hoppa vilt i kring ein heil kveld. Andre vil visa jærbuen og europearen og andre vil lesa Haugtussa.

Vil du vita kven den eigentlege Garborg var, så kjem du ikkje utom agitatoren, politikaren og målmannen Arne Garborg. Garborg var mannen som skjøna kva samfunn han levde i og greidde å handla aktivt i det. Garborg sette spor; spor som har noko å seia oss.

På studentkonferansen til Norsk Målungdom skal me setja ljuset på den handlande Garborg, den som ville noko og fekk til noko i norsk samfunnsliv. Me vil finna ut kva det vil seia å vera nasjonal i ein globalisert tidsalder. Kva rolla til litteraturen skal vera. Me vil finna ut kva Garborg har å seia oss om forholdet mellom det folkelege og det dekadente, om vilkåra for daning under nyliberalismen og eit samfunn i rask endring.

Dette vert Garborgtilskipinga som du ikkje må gå glipp av.

- Eg vil melda meg inn i Norsk Målungdom
- Eg vil vita meir om Norsk Målungdom
- Eg flytter den / 2001 (Skriv ny tilskrift nedanfor)
- Eg vil tinga Motmæle (medlemer får bladet gratis)
- Eg vil på 2001 – ein Garborgodyssé

Namn: _____

Tilskrift: _____

Postnr: _____ Poststad: _____

Telefon: _____ Fødeår: _____

Skule/arbeidsstad: _____

NMU
dekkjer
porto

Svarsendingsavtale
171 210 / 4 omd.

NORSK MÅLUNGDOM
Sentrum
0109 OSLO

Skal ikkje vidaresendast ved adresseendring, men sendast attende til Norsk Målungdom med melding om ny adresse.
Norsk Målungdom, Øvre Slottsgate 5, 0157 OSLO



Nasjonalbiblioteket
Depotbiblioteket



h19d07150